Coop Vest SA

# ÅRSMELDING 2016



**Coop Marked i Skjolden**

*opna ny butikk 12. mai 2016*

# Innhald

Direktøren som brenn for lokalmat .................... 4
Styreleiar har ordet .......................................... 6
Årsmelding og rekneskap ................................ 7
Revisjonsberetning .......................................... 21
Årsmøtet ......................................................... 24
Styret, Leiargruppa, Trainear ............................ 25
Nye butikksjefar 2016 ...................................... 26
Gullklokker ...................................................... 27
Administrasjonen ............................................. 27
Nullvisjon ........................................................ 28
Heimflytta volding ............................................ 30

**Kjedeaktivitetar 2016:**

Marked ............................................................ 32
Mega ............................................................... 36
Prix ................................................................. 37
Extra ............................................................... 38
Extra Bygg ...................................................... 40
Byggmix .......................................................... 41
Kafe ................................................................ 42
Tradisjonsmat .................................................. 44
Sport, gullsmed, garn og mote ......................... 45
Nybygg både her og der .................................. 46
Vinnarane 2016 ............................................... 48
Sponsorverksemd ............................................ 50
Vi er Coop Vest SA .......................................... 51

COOP VEST SA ÅRSMELDING 2016

Grafisk produksjon: Klart og Tydeleg AS
Alle foto i svart/kvitt og frå prisutdelinga: Photoevent
Foto side 2 og 3: David Zadig



*Foto: David Zadig*



# HISTORIA OM lokalmat

# Direktøren som brenn for lokalmat



Adm.dir. Geir Espe








lokalmat

***Coop Vest valde for nokre år sidan å satse på sal av mat frå aktive lokalmatprodusentar.***

***Målet er å styrke småskalanæringslivet med stor tru på at desse nisjeprodukta ville bli godt mottekne av dei handlande.***

Som første salsstad og pilotbutikk var Extra Førde. Coop Vest la den første lokalmatbua i daglegvarebutikken i 2010.

Seinare vart dette følgd opp med lokalmatbuer ved Mega Ulsteinvik, Extra Furene og Extra Sogndal. I dei andre butikkane får dei lokale produsentane godt med plass i eigne hyller. ***Godt merka*** av Coop Vest sitt eige lokalmat-materiell.

I 2013 vart satsinga gjennom Bakar Jon på Byrkjelo styrka. Denne forretninga er eit eksempel på korleis Coop Vest satsar for å fremme lokalmatprodusentane. I butikken finn kundane lokalmat frå over 100 lokale og regionale produsentar.

**Det gjekk seint i starten, men no tek det av**

Gjennom aktivt sal av lokalmat vart omsetninga vesentleg større enn venta. Det er kjekt å sjå at mange produsentar no er opptekne av å skaffe nok varer. Og forbrukaren er villig til









***«Lokalmat er undervurdert som konkurransefortrinn for å imøtekomme kundar sin preferanse og byggje lojale kunderelasjonar».***







å betale meir for lokalprodusert mat. I 2015 selde ein til dømes 600 smalehovud frå Solund mat. I 2016 vart det selt nesten 2.000. I julehandelstida i 2016 prøvde Coop Vest seg med ein eigen lokalmatbutikk på Nordfjordeid. I julehandelsvekene vart det selt lokalmatvarer for over 800.000 kroner.

Bakar Jon på Byrkjelo i Gloppen selde 600–700 boksar med julekaker i desember 2016. Dei kunne selt fleire tusen om produksjonskapasiteten hadde vore stor nok.

**Lokalmat skaper engasjement og forbrukarane vil ha kvalitet**

Kundane ventar at produkta er tilgjengelege i butikkane. Den største utfordringa er varelevering. Saman med produsentane må vi få til eit system slik at vi får varene effektivt ut til kundane.

Fjoråret vart eit nytt toppår for lokalprodusert mat. I år ventar Coop Vest auke i salet på ti prosent. Coop Vest meinar det er rom for stor omsetningsauke dei næraste åra. Samstundes trengst det fleire produsentar for å møte etterspurnaden, spesielt rundt høgtidene.

Butikkane vert gjennom den gode satsinga på lokale produkt meir interessante for kundane. Sjølv om dette ikkje gjev det største bidraget til årsresultatet viser det at Coop Vest tar samfunnsansvar.

***Coop Vest selde for over 50 millionar i lokalmat i 2016.***









# Kjære eigarar og tilsette i Coop Vest SA

Coop Vest SA og Coop i Norge har lagt bak seg endå eit spennande år med store endringar. Etter kjøpet av ICA i 2014 har 2016 vore prega av å utnytte den auka marknadsomsetning som oppkjøpet gav. Gjennom oppkjøpet auka Coop marknadsdel til om lag 27 % og for året 2016 viser Coop sin marknadsdel å ende på 29,4 %. Som ei naturleg oppfølging og eit viktig arbeid, starta ein sentralt med å justere og tilpasse det nye marknadsnivået. Fokus i den nye sentrale strategien er gjort med «Kunden først». Dette er eit stort og viktig arbeid der også det enkelte S-lag er ei svært viktig brikke i å forankre og ikkje minst få tilbakemelding på kva eit samla Coop i Norge er god og mindre gode på innan områda eigeart, kundeopplevingar, foredlingsprosessar og kultur.

Coop Vest når 54 000 medlemer og eigarar i 2016 og har stort fokus på sine strategiske mål.

> *Coop Vest SA skal vere den føretrekte staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde!*

Tilpassing av butikkstruktur og aukande medlemsmasse i Coop Vest sine marknadsområde i Sogn og Fjordane og søre delen av Møre og Romsdal er viktig og har høg fokus. Spesielt viktig er det når folketalsutvikling i vårt salsområde i beste fall er marginal positive. Coop Vest greier å halde ein stabil høg marknadsdel. Med «Kunden først» som fokus i Coop Norge sin strategi og med ny App i eit moderne miljø, vil medlemane ikkje minst dei yngre der og då sjå dette. Appen er dei unge sin måte å kommuniser og få info på, ein fin måte og fornye og auke medlemsmassen på. Det er gjennom medlemane sine oppfatningar, og i bruk av medlemsprogrammet dei ser fordelane av medlemskapet sitt i Coop.

Brulandsvellene og tomta på Øyrane i Førde er nokre av dei store etableringane som ein jobba med. Coop Vest og i lag med Coop Vest Eigedom har fullt fokus på å finne gode og tenlege plasseringar av framtida sine butikkar i heile Coop Vest sitt salsområde. Gjennom eigedomsselskapet gjennomgår Coop Vest bygningsmassen til butikkane og tek ei vurdering kvar Coop Vest skal eige eller leige i framtida. Dette er eit viktig arbeid som på ein god måte er med å trygga verdiane i Coop Vest.

Også i 2016 vart Coop Vest sin Extra-butikk på Brulandsvellene NR 1 med største omsetning av alle om lag 300 Extra-butikkar nasjonalt, det er utruleg flott butikk-handverk. Coop har gjennom Extra også i 2016 markert seg nasjonalt med å vinne fleire pristestar. Det kostar, men er utvilsamt med å sette Coop på kartet.

Coop Vest og Coop Hordaland har i 2015 og 2016 jobba med ein eventuell fusjon mellom dei to laga. Krav til strukturell endring og større lag er noko som over tid vil tvinge seg fram i lag med andre prosessar i samfunnet. Etter ei grundig vurdering av styret, administrasjonen og tillitsvalde la styret fram si innstilling. Årsmøte i juni 2016 sa nei til fusjon med Coop Hordaland.

LØNNSEMD-prosjektet i Coop Vest er ein del av å nå målet for eiga resultatskaping. Coop Vest si satsing



på lokalmat er viktig og unik sett i nasjonalt nivå. Det same er program for opplæring av tilsette i lag med å ta inn trainear i samarbeid med skuleverket. Coop Vest brukar vesentlege midlar gjennom lokal sponsing for å skape fokus og aktivitet i våre salsområde. Skal Coop Vest vinne kunden i butikken må vi knytte til oss dei beste medarbeidarane med dei beste kvalifikasjonane og gjennom kvar enkelt sin daglege innsats vil Coop Vest SA vinne kunden i våre flotte og oppgraderte butikkar.

Coop Vest SA har om lag 900 tilsette, mange tillitsvalde og eigarar, om lag 67 butikkar i eit stort geografisk området og det handlar mykje om INFORMASJON og KOMMUNIKASJON for å gjere oss alle endå betre.

***Gratulerer og takk til alle Dykk for flott innsats i året som har gått. Eg er stolt over å kunne få representere Dykk. Er overtydd om at også i 2017 kjem Coop Vest SA sine butikkar til å bli utvikla til å bli endå fleire handlande sitt første val.***

***Førde, 10. februar 2017***

***Wilhelm Gjertsen***
***styreleiar Coop Vest SA***

# Årsmelding og rekneskap for Coop Vest SA

Coop Vest SA er eigd av over 54 000 medlemmar/eigarar, og består av tidlegare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Coop Vest SA driv i dag 65 butikkar i 27 kommunar i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmar og kundar. Coop Vest SA sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.

**Konsumprisindeksen 2016 (Kjelde SSB, 10.1.2017)**

Årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) frå 2015 til 2016 var 3,6 %, den nest høgaste årsveksten for KPI sidan 1990. Den underliggande prisveksten målt ved endringa i KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer (KPI-JAE) hadde i 2016 ein vekst på 3,0 %. Dette er den høgaste årsendringa for KPI-JAE sidan målingane starta. Forskjellen mellom årsveksten i KPI og KPI-JAE i 2016 kan forklarast med oppgangen i straumprisane.

Auke i straumprisane var hovudgrunnen til at norskproduserte varer var 5,0 % høgare i 2016 enn 2015. Elektrisitet inkludert nettleige hadde i 2016 ein årsvekst på 22,2 %, mykje som følge av at straumprisane i 2015 var på sitt lågaste nivå sidan 1999. Straumprisane har i 2016, med unntak av februar, vore høgt over tilsvarande månad året før. Konsumprisindeksen utan elektrisitet (KPI-JEL) hadde i 2016 ein årsvekst på 3,0 %. Dette fører til at årsveksten til elektrisitetsprisen inkludert nettleige bidrog til å auke KPI med 0,6 %-poeng.

Frå 2015 til 2016 steig prisane på importerte varer med 3,6 %. Det førte til at importerte varer for femte året på rad hadde ein stigande årsvekst. Hovudårsaka til prisutviklinga er svekking av den norske krona, men det har også vore kraftig lønnsvekst i land som Kina og Indonesia dei siste åra. Matvareprisane har dei siste tre åra hatt markant sterkare vekst enn tilfellet var for dei føregåande fire åra. Matvareprisane varierte mykje i løpet av 2016, men samla steg prisene 2,4 %. På grunn av påske- og juletilbod fall matvareprisene i mars og desember med over 3 %, mens i juli auka matvareprisene med 3,0 %. Nedgangen i desember markerte at matvareprisane fal fem månader på rad.

Fisk og sjømat saman med oljer og feitt er dei gruppene som prosentvis bidrog mest til auken i matvareprisane i 2016. Prisoppgangen på fisk og sjømat var 7,4 % høgare i 2016 enn året før. Oljer og feitt hadde ein oppgang på 11,1 % i 2016, og det var særleg prisauken på margarin og anna vegetabilsk feitt som bidrog til auken.

Mens prisane på frukt og grønt bidrog sterkt til prisoppgangen på matvarer i 2015, trakk desse to gruppene prisane ned i 2016. Prisane på dei importerte jordbruksvarene, som i stor grad består av frukt og grønt, var i 2016, 0,3 % lågare enn dei var i 2015. Det var første gang sidan 2010 at prisen på frukt gikk ned. Blant enkeltvarene var det særleg pærer, sitrus og melon som bidrog til prisnedgangen.

**Omsetning og marknadsandel**

Samvirkelaga ser ut til å få en samla omsetning i 2016 på omtrent 43,6 milliardar kroner. Dette er ein auke på 3,0 % frå 2015. I tillegg kjem omsetninga frå Norsk Butikkdrift AS, som er eigd av Coop Norge Handel AS. Når vi inkluderer Norsk Butikkdrift AS, blir den samla omsetninga på omtrent 50,4 milliardar kroner. Det ser ut til at Coop sin marknadsandel har auka frå 27,9 % i 2015 til 29,4 % i 2016. Til samanlikning har Coop Vest SA ein marknadsandel på over 31 prosent.

**Tall samvirkelag/medlemmer**

Pr. 31.12.2016 var 91 samvirkelag medlemmer av Coop Norge. Det har vore nedgang i 2016 på 7 lag som følgje av fusjonar. Ved utgangen av 2016 var det 1 550 489 medlemmer i norske samvirkelag tilknytt Coop Norge. Tilsvarande tal for føregåande år var 1 485 559.

**Økonomi**

Coop Vest SA har også i 2016 fortsett sin plan knytt til å fornye butikkane. Vi gjer dette for å ruste oss for framtida. Styret ser det som svært viktig å fornye butikkmassen, spesielt i regionsentera. Denne satsinga er kostnadskrevjande, men er viktig for å auke framtidige marknadsdelar. Omsetninga i Coop Vest SA auka frå kr. 1.706 mill. i 2015 til kr. 1.786 mill. i 2016. Dette er ein auke på kr. 80,3 mill. eller 4,7 %. Bruttofortenesta held seg stabilt på 21,08 % i 2016 likt som i 2015. Netto positiv kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane til selskapet var på kr. 65 mill. i 2016 mot kr. 64 mill. i 2015. Netto negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar var kr. 50 mill. i 2016 mot kr. 43 mill. i 2015. Netto negativ kontantstraum frå finansieringsaktivitetar er kr. 3 mill. i 2016 mot kr. 51 mill. i 2015. Nettobeholdning av kontantar er kr. 147 mill. i 2016 mot kr. 134 mill. i 2015.

Kontantstraumen frå drifta er positiv, og auken i kontantbehaldning kjem i hovudsak som følgje av dette samt auke i medlemsinnskot.

Personalkostnad målt i høve til omsetning er redusert samanlikna med 2015 13,03 % av omsetnaden i 2016 mot 13,22 % i 2015. Årsresultatet etter skatt er kr. 20,8 mill. i 2016 mot kr. 14,3 mill. i 2015, ein auke på kr. 6,5 mill. Årsaka til resultatauken er auke i omsetnad og sal av eigedomar. Omsetnadsauken er ein konsekvens av langsiktige investeringar kombinert med innsatsen som er lagt ned gjennom arbeid i butikk gjennom fleire år. Totalkapitalen for Coop Vest SA var ved utgangen av 2016 kr. 748 mill., ein auke frå 2015 då totalkapitalen ved utgangen av året var kr. 695 mill.

Eigenkapitalen ved utgangen av året er på kr. 298 mill. (39,90 %) mot kr. 277 mill. (39,88 %) på same tid i 2015. Årsaka til auken i eigenkapital er årets resultat. I ein situasjon med fortsatt stor investeringsaktivitet er styret nøgd med at ein klarer å styrke ein allereie god eigenkapital. I den verdijusterte eigenkapitalen på nærare 50 %, brukar Coop Vest SA reell verdi på eigedomar som verksemda direkte og indirekte eig. Dette gjev laget vesentleg handlefridom dei komande åra.

*Coop Vest er eigd av over 54 000 medlemar/eigarar, og består av tidlegare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre*

**Disponering av årsresultatet**
Styret vil foreslå at årsresultatet vert nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| Til rente på ansvarsinnskot | kr. | 78 780 |
| Til anna eigenkapital | kr. | 20 731 502 |
| Sum | kr. | 20 810 282 |

**Forhold etter rekneskapsårets slutt**
Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som er viktig for den framlagde årsrekneskapen.

**Medlemsutvikling**
Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpeutbytte og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemmane; som alle har eigarandelar. Ved utgangen av 2016 var det 53 679 medlemmar i Coop Vest SA.

Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 71 % av all omsetnad i våre butikkar. Kjøpeutbytte, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 25 951 000.

**Spareordning**
Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemmane kr 315 026 086 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemmane kan sjekke saldoen på eiga medlemsside på coop.no.

## EXTRA

**Tal butikkar:** **13**
Omsetnad: kr 764 535 472
Extra står for 42,81 % av omsetninga i Coop Vest SA. I april vart Coop Mega Høyanger omprofilert til Extra Høyanger. Coop Mega Eid stengte i september samtidig som vi opna Extra Nordfjordeid i nye lokale i Amfi Nordfjord. På Kaupanger stengte vi Coop Prix Kaupanger og opna Extra Kaupanger i nye lokale i november. Extra Førde er framleis Noregs største Extrabutikk, sjølv om kjeden har 350 Extra daglegvarebutikkar rundt om i landet.

## PRIX

**Tal butikkar:** **6**
Omsetnad: kr 226 223 780
Coop Prix står for 12,67 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Prix Kaupanger stengte i november. Coop Prix Selje er den butikken som har hatt størst vekst i 2016, med 7,2 %.

## MEGA

**Tal butikkar:** **3**
Omsetnad: kr 234 124 307
Coop Mega står for 13,11 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Mega Høyanger og Coop Mega Eid vart omprofilert til Extra. Coop Mega Volda er den butikken som har størst vekst, med 4,5 %.

## MARKED

**Tal butikkar:** **27**
Omsetnad: kr 299 820 374
Coop Marked står for 16,79 % av omsetninga i Coop Vest SA.
Coop Marked Skjolden opna i nytt bygg i mai. Coop Marked Askvoll er den butikken med størst vekst, med 18,2 %.

## BYGGMIX

**Tal butikkar:** **3**
Omsetnad: kr 32 487 633
Coop Byggmix står for 1,82 % av omsetninga i Coop Vest SA.
Coop Byggmix Volda vart omprofilert til Extra Bygg. På Byrkjelo stengte vi Coop Byggmix Byrkjelo i mai. Coop Byggmix Hermansverk er den butikken med størst omsetningsvekst, med 11,8 %.

## EXTRA BYGG

**Tal butikkar:** **3**
Omsetnad: kr 161 088 994
Extra Bygg står for 9,02 % av omsetninga i Coop Vest SA.
I juni vart Coop Byggmix Volda omprofilert til Extra Bygg Volda etter nesten eitt år med ombygging .

## FAGHANDEL/KAFEAR

**Tal butikkar:** **10**
Omsetnad: kr 67 603 068
Faghandel og kafear står for 3,79 % av omsetninga i Coop Vest SA.
Gruppa består av Extra Kafear i Førde, Sandane og Volda, Domus Klede i Førde og Høyanger, Freequent - kle i Sogndal og i Øvre Årdal, Sporten Høyanger, Førde Gullsmedforretning og Bakar Jon. Extra Kafe Volda er den avdelinga som har størst omsetningsvekst på 18,3 %.

**Coop Vest Eigedom AS**
Coop Vest SA har store verdiar i eigedomar. Desse eigedomane er delvis eigd av samyrkelaget og delvis gjennom eigedomsselskapet Coop Vest Eigedom AS. Aksjane i dette eigedomsselskapet er likt fordelt mellom Coop Vest SA og Coop Norge Eigedom AS. Coop Vest Eigedom AS skal utvikle eksisterande og nye eigedomar, samt ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt. Verksemda har ferdigstilt nye store byggprosjekt i Volda og på Eid i 2016. Coop Vest Eigedom AS har avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS og Byggforvaltning Norge AS om drift og forvalting av selskapet. Ved årsskiftet hadde selskapet 16 heil og deleigde eigedomar i sin portefølje.
Coop Vest Eigedom AS er medeigar i Sjøsanden Eigedom AS i Naustdal, samt utviklingsprosjekt saman med Moengården Vest AS på Nordfjordeid, Setrevegen 2 AS i Stryn, Coop Vest Eigedom Øyrane As, Citus AS i Førde. I tillegg eig selskapet 100 % av aksjane i Coop Vest Eigedom Ulsteinvik AS, Coop Vest Eigedom Ørsta AS og Coop Vest Eigedom Volda AS.

**Årsmøtet**
Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse representerer 20 personar dei medlemsvalte medan 10 er valt av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame og varaordførar er Jermund Fimreite. Ordføraren vert kalla inn til alle styremøte med talerett, men ikkje stemmerett. Årsmøtet har i 2016 hatt to møter og handsama 23 saker. Det har vore halde to regionrådsmøter og eitt medlemstreff i kvar region i 2016.

**Kontrollkomité**
Kontrollkomiteen er fjerna frå «Normalvedtektene for samyrkelag» i 2016. Med bakgrunn i dette har årsmøtet på møte 1. desember avvikla kontrollkomiteen.

**Styret**
Styret har i 2016 hatt 8 styremøte og 82 saker vart behandla. På kvart møte får styret rapportar som viser økonomisk utvikling i den einskilde butikk kvar månad og akkumulerte.

**Representasjon**
Nestleiar Trudi Vågene og adm.dir. Geir Espe, er medlem av Årsmøte i Coop Norge SA. Wilhelm Gjertsen var nestleiar i Coop Norge SA sitt styre fram til sommaren 2016.

**Våre tilsette**
Gjennom 2016 har til saman 1520 personar hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 846 tilsette. Av desse var det 177 heiltidsstillingar og 669 deltidsstillingar/ekstrahjelper, totalt 452 årsverk. Kvinneandelen av tilsette i laget er stor, og 71,1 % av alle tilsette var kvinner. Laget hadde i 2016 i alt 48 kvinner i leiande stillingar og 35 menn.

**Diskriminering**
Diskrimineringslova sitt formål er å fremme likestilling, sikre like mogelegheiter og rettigheiter, samt å hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.
Coop Vest SA arbeidar målretta for å fremme lova sine formål innanfor vår virksomheit. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmoglegheiter og beskytting mot trakassering. Selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass der diskriminering ikkje finn stad på grunn av nedsatt funksjonsevne. Laget arbeider aktivt og målretta for å utforme og tilrettelegge dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mogleg. For arbeidstakarar eller arbeidssøkarar med nedsett funksjonsevne foretar vi individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver.

**Gullklokker**
I 2016 var det i alt 4 tilsette som fekk gullklokke etter 25 års samanhengande tenestetid.
*Dei 4 er:* Tone Kristin Hjelle – Marked Folkestad, Nyfrid Eide – Extra Kafe Sandane, Elsebet Kvistad – Extra Ørsta og Monica Avedal - Marked Brekke. Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane hausten 2016.

**Kompetanse**
Utvikling av kompetansen hjå dei tilsette er til ein kvar tid viktig for å skape framgang i laget. I tillegg var nye butikksjefar gjennom programmet «Leiing som fag». Coop Vest SA har fokus på å legge til rette for unge lovande tilsette i laget, og har mellom anna utvikla eit eige traineeprogram. I 2016 starta vi kull nr 3. Det første kullet på 5 traineear tok til i januar 2015. Kull nr 2 med 8 traineear tok til hausten 2015, og vart avslutta i 2016. Kull 3, som starta i 2016 var det 8 nye traineear. I samband med rekruttering av nye unge tilsette, har Coop Vest SA inngått ein samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vgs om 4S ordning (Salg, service og sikkerhet med studiekompetanse). Eleven deltek vekselvis på skulen og i Coop Vest SA i 4 år. Til saman 4 år på skule og i bedrift gjev fagbrev og studiekompetanse. I 2015 vart 3 elevar teke opp i denne ordninga, medan 3 nye kom inn i 2016. Slik at vi hausten 2016 har 6 elevar/lærlingar inne i ordninga.

**Arbeidsmiljøet**
Coop Vest SA har frå 2010 vore IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet arbeidd aktivt for å redusere sjukefråværet. Dette arbeidet har også gitt resultat. Det totale sjukefråværet var i 2011-7,2 %, 2012-6,7%, 2013-7,4 %, 2014 - 6,6%,2015 - 6,4 %. I 2016 var det totale sjukefråværet 5,6 %. Av dette utgjorde kortidsfråværet 2,3 %.
I 2016 er det registrert 1 skade som har medført sjukemelding. Målsetjinga for HMS- arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulukker og helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å

nytte. Samarbeids- og miljøutvalet har, etter valet i 2016, hatt følgjande samansetning:
*Frå arbeidstakar:* Jostein Heilevang, Bjørg Aase, Tom Henrik M Nevstad, Anna Kirsti Skare, Linda Espelund, Else Beate Barstad og Lars Brusegard
*Frå arbeidsgjevar:* Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Rune Økland, Øyvind Indrebø, Arild Meisterplass

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt 5 møter i 2016, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar.

**Regionale samlingar**
Coop Vest SA gjennomførte hausten 2016 4 regionale samlingar for tilsette og medlemstillitsvalde i laget. I tillegg til informasjon om drifta i Coop Vest SA, vart det arrangert middag og utdeling av gullklokker.

**Miljø**
Forureining av det ytre miljø, som følgje av laget si verksemd er akseptabelt. Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar. Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdiar er «omtanke» – for menneske, dyr og miljø. Vi søkjer derfor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallhandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedia, varmegjenvinning og energiøkonomisering generelt. Ved ombyggingar og ved planlegging av nye butikkar tek vi miljøomsyn. Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlege produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er blant dei store norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlege varer. Våre verdiar skal prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

**Finansiell risiko og utsikter framover**
Likviditeten i laget vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje bestemt å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnskot. For Coop Vest SA sin del så meiner vi at denne risikoen er avgrensa som følgje av eit konkurransedyktig rentenivå. Årets resultat viser ein positiv trend for laget. Fleire butikkar har i 2016 vist gode resultatforbetringar. Det er framleis rom for forbetringar, og vi vil ha fokus på å redusere svinnet, auke effektiviteten og sikre eit godt arbeidsmiljø. Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei siste års store investeringsprosjekt tyngjer fortsatt nokre av avdelingsrekneskapa, men auka konkurransekraft er forventa å trygge butikkane og gje framtidig god lønsemd. Nye oppgraderingsprosjekt er planlagt i åra framover. Nyetableringar vert vurdert fortløpande i høve til moglegheiter i marknaden, kalkulert inntening og risiko. Slik skal salsvekst og langsiktig lønsemd sikrast.

**Grunnlaget for vidare drift**
Årsrekneskapen er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift. Styret meiner at det er grunnlag for vidare drift. Styret meiner at den framlagde rekneskapen gir eit rett bilde av Coop Vest SA sine eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

**Kjøpeutbytte 2017**
Det er førehandsgarantert 1 % kjøpeutbytte for år 2017.

**Avslutning**
I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar. Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast kundane for å vinne konkurransen.
Styret vil til slutt takke alle som i år 2016 har bidrege til den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitsvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemmar og kundar som støttar opp om laget.

**Førde, 1.mars 2017**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Wilhelm Gjertsen<br>Leiar - valt av medl. | Trudi Vågene<br>Nestleiar - valt av medl. | Kari Riise<br>Valt av medlemane | Svein Arne Høyheim<br>Valt av medlemane | Geir Årvik<br>Valt av medlemane |
| Anna Kirsti Skare<br>Valt av dei tilsette | Dagmar Nese<br>Valt av dei tilsette | Martin Hamre<br>Valt av dei tilsette | Geir Espe<br>Adm. direktør | |

Coop Vest SA

# Resultat-rekneskap

pr. 31.12.2016

| | NOTE | 2016 | % | 2015 i 1000 KR. | % |
|---|---|---|---|---|---|
| SALSINNTEKT | 3 | 1 785 883 629 | 100,00 | 1 705 626 | 100,00 |
| KJØPEUTBYTTE TIL MEDLEMMER | 1 | 12 820 599 | | 12 780 | |
| NETTO OMSETNING | | 1 773 063 030 | | 1 692 847 | |
| | | | | | |
| VAREKOSTNAD | | 1 396 561 899 | 78,20 | 1 333 264 | 78,17 |
| BRUTTOFORTJENESTE | | 376 501 131 | 21,08 | 359 583 | 21,08 |
| | | | | | |
| ANDRE NETTO DRIFTSINNTEKTER | 2 | 53 500 689 | 3,00 | 39 759 | 2,33 |
| | | | | | |
| NETTO DRIFTSINNTEKTER | | 430 001 821 | 24,08 | 399 342 | 23,41 |
| | | | | | |
| LØNNSKOSTNAD | 5, 6 | 232 699 840 | 13,03 | 225 461 | 13,22 |
| AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR | 7 | 33 460 124 | 1,87 | 29 987 | 1,76 |
| ANNA DRIFTSKOSTNAD | 7, 14 | 135 824 431 | 7,61 | 121 903 | 7,15 |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | | 401 984 395 | 22,51 | 377 350 | 22,12 |
| | | | | | |
| DRIFTSRESULTAT | | 28 017 426 | 1,57 | 21 992 | 1,29 |
| | | | | | |
| FINANSINNTEKTER | 2 | 4 067 845 | 0,23 | 4 841 | 0,28 |
| FINANSKOSTNADER | 2 | 3 933 049 | 0,22 | 5 224 | 0,31 |
| | | | | | |
| NETTO FINANSIELLE POSTAR | | 134 796 | 0,01 | -383 | -0,02 |
| | | | | | |
| ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD | | 28 152 222 | 1,58 | 21 609 | 1,27 |
| | | | | | |
| SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT | 10 | 7 341 941 | 0,41 | 7 285 | 0,43 |
| | | | | | |
| ÅRSRESULTAT | | 20 810 282 | 1,17 | 14 324 | 0,84 |
| | | | | | |
| OVERFØRINGAR | | | | | |
| OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT | | 78 780 | | 75 | |
| OVERFØRT TIL ANNA EIGENKAPITAL | | 20 731 502 | | 14 249 | |
| Sum overføringar | | 20 810 282 | | 14 324 | |

Coop Vest SA

# Balanse

pr. 31.12.2016

| | NOTE | 2016 | % | 2015 i 1000 KR. | % |
|---|---|---|---|---|---|
| EIGENDELAR | | | | | |
| | | | | | |
| ANLEGGSMIDLAR | | | | | |
| Immaterielle eiendelar | | | | | |
| UTSATT SKATTEFORDEL | 10 | 5 867 683 | | 9 495 | |
| GOODWILL | 7 | 642 000 | | 1 008 | |
| Sum immatrielle eiendeler | | 6 509 683 | 0,87 | 10 503 | 1,51 |
| | | | | | |
| Varige driftsmidlar | | | | | |
| AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALER | 7 | 15 028 000 | | 10 912 | |
| TOMTER,BYGNINGAR | 7,9 | 186 799 792 | | 189 378 | |
| MASKINER OG ANLEGG | 7 | 41 987 032 | | 32 392 | |
| INVENTAR,KONTORMASKINER | 7 | 52 600 524 | | 38 505 | |
| Sum varige driftsmidlar | | 296 415 349 | 39,63 | 271 187 | 39,01 |
| | | | | | |
| Finansielle anleggsmidlar | | | | | |
| INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP | 8 | 72 036 000 | | 72 036 | |
| ANDELSINNSKOT NKL | | 35 302 190 | | 35 302 | |
| INVESTERING I AKSJER OG ANDELER | 8 | 1 109 643 | | 1 046 | |
| NETTO PENSJONSMIDLAR | 6 | 612 590 | | 745 | |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | 109 060 423 | 14,58 | 109 130 | 15,70 |
| | | | | | |
| SUM ANLEGGSMIDLAR | | 411 985 454 | | 390 820 | |
| | | | | | |
| Omløpsmidlar | | | | | |
| VAREBEHOLDNING | 4, 9 | 172 707 000 | | 152 350 | |
| PROSJEKTER I ARBEID | | 0 | | 2 957 | |
| DEBITORAR | 16 | 9 923 071 | | 10 247 | |
| ANDRE FORDRINGER | | 6 833 585 | | 4 742 | |
| INNSKOT NKL | | 34 922 077 | | 33 429 | |
| BANKINNSKOT,KONTANTER | 13 | 111 597 719 | | 100 696 | |
| Sum omløpsmidlar | | 335 983 452 | 44,92 | 304 420 | 43,79 |
| | | | | | |
| SUM EIGENDELAR | | 747 968 906 | 100,00 | 695 240 | 100,00 |

Coop Vest SA

# Eigenkapital og gjeld

pr. 31.12.2016

| | NOTE | 2016 | % | 2015 i 1000 KR. | % |
|---|---|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | | | |
| MEDLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT | 11, 12 | 16 091 907 | | 15 675 | |
| Sum innskoten eigenkapital | | 16 091 907 | 2,15 | 15 675 | 2,25 |
| | | | | | |
| Opptjent eigenkapital | | | | | |
| FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL | 11 | 40 577 956 | | 40 578 | |
| UTBYTTEFOND | 11 | 31 113 832 | | 31 114 | |
| ANNA EIGENKAPITAL | 11 | 210 641 078 | | 189 910 | |
| Sum opptjent eigenkapital | | 282 332 867 | 37,75 | 261 602 | 37,63 |
| | | | | | |
| SUM EIGENKAPITAL | 11 | 298 424 774 | 39,90 | 277 277 | 39,88 |
| | | | | | |
| GJELD | | | | | |
| Anna langsiktig gjeld | | | | | |
| MEDLEMSINNSKOT | | 298 934 179 | | 287 923 | |
| ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD | | 40 000 | | 40 | |
| Sum anna langsiktig gjeld | | 298 974 179 | 39,97 | 287 963 | 41,42 |
| | | | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | | | |
| LEVERANDØRGJELD | | 73 240 111 | | 51 669 | |
| BETALBAR SKATT | 10 | 4 607 075 | | 5 650 | |
| SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER | | 23 806 739 | | 26 479 | |
| SKULDIG KJØPEUTBYTTE | | 15 196 823 | | 14 483 | |
| ANNA KORTSIKTIG GJELD | 15 | 33 719 206 | | 31 718 | |
| Sum kortsiktig gjeld | | 150 569 953 | 20,13 | 130 000 | 18,70 |
| | | | | | |
| SUM GJELD | | 449 544 132 | 60,10 | 417 963 | 60,12 |
| | | | | | |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 747 968 906 | 100,00 | 695 240 | 100,00 |

**Førde den 31. desember 2016 / 1. mars 2017**

Wilhelm Gjertsen
Styreleiar

Trudi Vågene
Nestleiar

Kari Riise
Styremedlem

Svein Arne Høyheim
Styremedlem

Geir Årvik
Styremedlem

Anna Kirsti Skare
Styremedl. valt av tilsette

Dagmar Nese
Styremedl. valt av tilsette

Martin Hamre
Styremedl. valt av tilsette

Geir Espe
adm. direktør

# Notar til rekneskapen 2016

## 1. REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Dette gjeld fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år, samt postar knytt vil varekretsløpet. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

**Anleggsmidlar**

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida. Anleggsmidlar nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Nedskrivinga reverserast i den utstrekning grunnlaget for nedskriving ikkje lengre er til stades. Vurderingseining ved vurdering av verdifall på bygg og annan fast eigedom er det enkelte bygg. Vurderingseining ved vurdering av verdifall på maskiner og anlegg samt driftslausøyre, er laget som heilheit, sidan desse samla genererer ein kontantstraum.

*Omløpsmidlar*

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

*Gjeld*

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

**Immaterielle eigedelar**

Utgifter til eiga tilverking av immaterielle eigedelar, herunder utgifter til eiga forskning og utvikling, balanseførast når det er sannsynleg at dei framtidige økonomiske fordelane knytta til eigedelane vil tilflyte selskapet og anskaffelseskost kan målast påliteleg. Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til anskaffelseskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av virksomhet, er balanseført til anskaffelseskost når kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar med begrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Immaterielle eigedelar nedskrivast til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekker balanseført verdi og eventuelle gjenståande tilverkingsutgifter.

**Leigeavtalar**

Driftsmiddel som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmiddel og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som gjeld under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

**Inntekter**

Inntekt rekneskapsførast når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

**Kostnader**

Kostnader rekneskapsførast som hovedregel i samme periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgift og inntekt fastsettast fordelinga etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak frå samanstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

**Varer**

Varer er vurdert til lågaste av annskaffingskost og netto salsverdi. Det vert avsett for pårekneleg ukurans på verdien av varelageret.

**Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Bankinnskot, kontantar o.l.**

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

**Aksjar og andelar i tilknytta selskap mv.**

Investeringar i tilknytta selskap vurderast etter kostmetoden. Investeringa blir nedskrive til verkelig verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må sjåast som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Motteke utbytte er inntektsført som annan finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investering i tilknytta selskap.

**Pensjonar**

Innskotsplanar periodiserast etter samanstillingsprinsippet. Årets innskot til pensjonsordninga kostnadsførast. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytelsesplan, kostnadsførast forpliktinga over oppteningstida i henhold til planen sin oppteningsformel. Allokeringsmetode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av opptenigsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon anvendast såleis lineær opptening. Estimatavvik og virkninga av endra forutsetningar amortiserast over forventa gjenværende oppteningstid i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonsforpliktinga og pensjons-midlane (korridor). Verknaden av planendringar med tilbakevirkande kraft som ikkje er betinga av framtidig tilsetting, innreknast i resultatregnskapen umiddelbart. Planendringar med tilbakeverkande kraft som er betinga av framtidig tilsetting , fordelast lineært over tida fram til ytelinga ikkje lenger er betinget av framtidig tilsetting.

For oppteningsbaserte uføreytingar som er ein separat plan, vil effekten av eventuelle estimatavvik og planendringar resultatførast umiddelbart. Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktingane og verdien av pensjonsmidlar som er avsett for betaling av ytingane. Pensjonsmidlane vurderast til verkelig verdi. Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlar gjennomførast på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala, og er rekna av netto faktisk underfinansiering. AFP-forpliktingar innanfor LO/NHO-ordninga er ein ytelsesbasert fleirforetaksordning, men som rekneskapsførast som ei innskotsbasert ordning då den ikkje er målbar.

**Låneinnskot frå medlemmane**
Låneinnskot frå medlemmane er klassifisert som langsiktig gjeld, sidan majoriteten av desse har plassert midlane som ei langsiktig plassering. Det ligg ingen bindingar i forhold til når midlane kan takast ut.

**Kjøpeutbytte**
Kjøpeutbytte til medlemmane fråtrekt mva er ført som reduksjon i salsinntekt. Skuldig kjøpeutbytte til medlemmane er oppført som kortsiktig gjeld i balansen.

**Skattar**
Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden er sett saman av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt), formuesskatt og endring i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er oppført netto i balansen med 24 % av grunnlaget.

**Kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

## 2. POSTAR SOM ER SAMANSLEGNE

| **Resultatrekneskapen** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| ***Andre driftsinntekter*** | | |
| Husleigeinntekt | 4 156 042 | 4 095 407 |
| Provisjonsinntekter | 15 933 088 | 13 609 080 |
| Bonus NKL og andre | 22 784 135 | 19 994 774 |
| Arbeidsinntekt verkstad | 0 | 0 |
| Vinst v/sal anleggsmiddel | 8 720 079 | 72 448 |
| Diverse inntekter | 1 907 345 | 1 987 595 |
| **Sum andre netto driftsinnt.** | **53 500 689** | **39 759 304** |
| | | |
| ***Finansinntekter*** | | |
| Renteinntekt | 4 058 495 | 4 829 380 |
| Anna finansinntekt | 9 350 | 11 595 |
| **Sum finansinntekter** | **4 067 845** | **4 840 975** |
| | | |
| ***Finanskostnader*** | | |
| Rentekostnader | 3 069 280 | 4 324 399 |
| Annan finanskostnad | 863 769 | 899 245 |
| **Sum finanskostnader** | **3 933 049** | **5 223 644** |

## 3. SALSINNTEKTER

| | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Pr. verksemdsområde | | |
| Handelsverksemd - detaljhandel/daglegvarer | 1 524 703 933 | 1 454 993 514 |
| Handelsverksemd - detaljhandel/faghandel | 261 179 696 | 250 632 729 |
| **Sum** | **1 785 883 629** | **1 705 626 243** |
| | | |
| Omsetning fordelt pr. profil | | |
| Mega | 234 124 307 | 337 953 355 |
| Extra | 764 535 472 | 558 754 143 |
| Prix | 226 223 780 | 205 982 221 |
| Marked | 299 820 374 | 352 303 795 |
| Spesialvarer | 33 723 698 | 36 716 139 |
| Kafe | 33 879 371 | 30 490 821 |
| Bygg | 193 576 627 | 183 425 769 |
| **Sum** | **1 785 883 629** | **1 705 626 243** |

*Gjennom 2016 har til saman 1520 personer hatt tilsetjingtilhøve i Coop Vest Sa, og ved årets slutt var det registrert i alt 846 tilsette.*

## 4. VARER

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og netto salsverdi. Varebehaldninga er i balansen ført opp til kostpris med frådrag for ukurans.

| **Varelager** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Innkjøpte handelsvarer | 194 326 000 | 174 502 000 |
| Avsetning ukurans | -21 619 000 | -22 152 000 |
| **Bokført varelagerverdi** | **172 707 000** | **152 350 000** |

## 5. LØNNSKOSTNADER, ANTALL TILSETTE, GODTGJERINGAR, LÅN TIL TILSETTE MM.

| **Lønnskostnader** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Lønningar | 199 741 189 | 192 712 001 |
| Folketrygdavgift | 25 115 906 | 24 273 749 |
| Pensjonskostnadar | 5 297 413 | 5 851 925 |
| Andre ytingar | 2 545 332 | 2 623 012 |
| **Sum** | **232 699 840** | **225 460 687** |
| Tal tilsette | 846 | 851 |

| **Ytingar til leiande personar** | **Lønn** | **Anna godtgjering** |
|---|---|---|
| Dagleg leiar | 1 745 320 | 7 489 |
| Styreleiar | 135 697 | |
| Øvrige styremedlemmer | 25 507 | fast godtgjering |
| Øvrige styremedlemmer | 900 | pr. møte |

Det er ikkje gjeve lån eller bonusavtale til leiande personar eller medlemmer av styret. Administrerande direktør inngår i selskapets generelle pensjonsavtale. Administrerande direktør har avtale om eitt års etterlønn ved avgang.

**Revisor**

Godtgjersle til revisor er fordelt slik:

| | |
|---|---|
| Lovpålagt revisjon eks. mva | 340 000 |
| Teknisk bistand regnskap | 35 000 |
| Teknisk bistand ligning | 20 000 |
| Annen Bistand | 138 000 |

## 6. PENSJONSKOSTNADER, -MIDDEL OG -ANSVAR

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lov.

**Innskotsplan**

Foretaket si innskotsordning er organisert i henhold til lov om innskotspensjon.

**Ytingsplan**

Selskapet sine ytingsbaserte pensjonsordningar gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er fondert gjennom eit forsikringsselskap. Denne ordninga blei lukka i løpet av 2012. Som følgje av AFP-tilskotslova, blei gammal AFP-ordning lukka per 31.12.2010. Lukkinga av denne blei behandla rekneskapsmessig som avkorting. Den nye AFP-ordninga er ei ytingsbasert fleirforetaksordning, som den gamle AFP-ordninga i LO/NHO-området. Den nye AFP-ordninga blir sett på som ei ny ordning rekneskapsmessig, ikkje som ei endring av den eksisterande ordninga.

**Ny AFP-ordning**

Ny AFP-ordning er ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei yting. Ordninga er ei ytingsbasert fleirforetaksordning. Det er selskapet si oppfatning at det foreløpig ikkje har tilstrekkeleg informasjon om fordeling av pensjonskostnad, pensjonsforplikter og -midlar i ordninga kor påliteleg måling kan gjerast innanfor ei balansert kost/nytte-vurdering. Selskapet behandlar difor ordninga rekneskapsmessig som ein innskotssplan der premiebetalingar kostnadsførast løpande. Det er ingen avsetnad for pliktene i rekneskapen. Slik Fellesordningen har lagt opp finansieringsstrukturen tilknytta ny AFP forventast fakturert premie å auka i åra framover. Når eller viss tilstrekkelege data foreligg på ein tilgjengelig måte slik at berekningar kan gjerast, kan det ikkje utelukkast at plikta som må innarbeidast vil vere betydeleg.

| **Pensjonsforpliktingar 31.12.** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Påløpte pensjons-forpliktingar 31.12 | 3 504 225 | 3 498 645 |
| Verkelig verdi av pensjons-midlar | -3 783 129 | -3 710 550 |
| Arbeidsgjevaravgift | -34 305 | -26 064 |
| Estimatavvik | -299 381 | -507 192 |
| **Sum netto ytingsbasert pensj.forpl. 31.12.** | **(612 590)** | **(745 160)** |

| **Pensjonsmidlar består av følgjande** | **2016** | |
|---|---|---|
| Aksjar | 253 470 | 6,70 % |
| Omløpsobligasjonar | 461 542 | 12,20 % |
| Pengemarknad | 892 818 | 23,60 % |
| Anleggsobligasjonar | 1 199 252 | 31,70 % |
| Utlån og fordringar | 684 746 | 18,10 % |
| Eigedom | 279 952 | 7,40 % |
| Anna | 11 349 | 0,30 % |

| **Endring i noverdi av ytingsbaserte pensjonsforpliktingar** | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| Ytelsesbasert pensjons-forplikting 01.01. | 3 498 645 | 5 358 556 |
| Årets pensjonsopptening | - | 32 341 |
| Rentekostnad på pensjons-forplikting | 84 368 | 140 787 |
| Overtaking / oppkjøp | 0 | -1 178 887 |
| Aktuarielt tap/(gevinst) | 169 109 | 0 |
| Pensjonsutbetalingar | -247 895 | -854 152 |
| **Ytelesbasert pensjons-forplikting 31.12.** | **3 504 225** | **3 498 645** |

| **Endring i pensjonsmidar** | **2 016** | **2 015** |
|---|---|---|
| Pensjonsmidlar ved periodens start | 3 710 550 | 4 766 647 |
| Forventa avkasting på pensjonsmidlane | 117 930 | 177 079 |
| Aktuarielt (tap)/gevinst | 228 480 | 129 872 |
| Administrasjonskostnader | -103 910 | -144 888 |
| Overtaking / oppkjøp | 0 | -1 149 707 |
| Innbetalt premie/til premiefond | 77 974 | 303 509 |
| Pensjonsutbetalingar | -247 895 | -371 962 |
| **Pensjonsmidlar (marknadsverdi) pr. 31.12.** | **3 783 129** | **3 710 550** |

| Kostnad innrekna i resultatet | 2 016 | 2 015 |
|---|---|---|
| Årets pensjonsopptening | 0 | 32 341 |
| Rentekostnad på pensjons-forpliktingane | 84 368 | 140 787 |
| Pensjonskostnad (brutto) | 84 368 | 173 128 |
| Forventa avkastning på pensjonsmidlane | -14 020 | -32 191 |
| Pensjonskostnad (netto) før AGA | 70 348 | 140 937 |
| Res. ført aktuarielt tap/(gevinst) | 141 136 | 50 525 |
| Res.ført nettoforplikting avkorting/oppgjer tap/(gev) | 0 | -331 931 |
| Resultatført andel aktuarielt tap/(gev) ved avkorting/oppgjer | 0 | -29 327 |
| Periodisert arbeidsgjevaravgift | 8 652 | 17 336 |
| **Resultatført pensjons-kostnad etter AGA** | **220 136** | **-152 460** |
| | | |
| Innskotsbasert pensjonsordning | 2 426 698 | 3 651 651 |
| Tilskot til LO/NHO-ordninga | 2 665 749 | 3 162 678 |

**Aktuarielle forutsetningar for berekning av kostnad**

| | 2 016 | 2 015 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 2,50 % | 3,00 % |
| Avkastning på pensjonsmidlane | 3,30 % | 3,80 % |
| Lønnsvekst | 2,50 % | 3,25 % |
| Regulering av opptent pensjon i folketrygda | 2,25 % | 3,00 % |
| Regulering av pensjonar under utbetaling | 0,00 % | 0,10 % |

**Aktuarielle forutsetningar for berekning av forplikting**

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 2,10 % | 2,50 % |
| Avkastning på pensjonsmidl. | 3,00 % | 3,30 % |
| Lønnsvekst | 2,25 % | 2,50 % |
| Regulering av opptent pensjon i folketrygda | 2,00 % | 2,25 % |
| Regulering av pensjonar under utbetaling | 0,00 % | 0,00 % |
| | | |
| Benytta dødelegheitstabell | | |
| Uføretabell | K2013 BE IR02 | K2013 BE IR02 |

**Avkastning og sammensetting av pensjonsmidlar:**
Faktisk avkastning ikkje opplyst frå aktuar

| Antall i ordninga | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Sikra ordningar | | |
| Aktive | 0 | 2 |
| Pensjonistar | 13 | 17 |

*Coop Vest SA har ein marknadsandel i 2016 på over 31 %*

## 7. VARIGE DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar blir avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er fordelt lineært over forventa økonomisk levetid.

| | Goodwill | Aktiverte kostn. Leide lokalar | Bygn. og anna fast eigedom | Maskiner og anlegg | Inventar, kontormaskiner | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffingskost 1.1. | 1 830 500 | 15 998 053 | 305 830 718 | 88 854 278 | 138 922 481 | 551 436 030 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | - | 6 124 030 | 8 351 898 | 18 942 683 | 27 957 850 | 61 376 461 |
| Avgang | - | - | -2 926 025 | -82 505 | -46 000 | -3 054 530 |
| **Anskaffingskost 31.12.** | **1 830 500** | **22 122 083** | **311 256 591** | **107 714 456** | **166 834 331** | **609 757 961** |
| Akkumulerte av-/nedskrivingar | 1 188 500 | 7 094 083 | 124 456 799 | 65 727 424 | 114 233 807 | 312 700 613 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.** | **642 000** | **15 028 000** | **186 799 792** | **41 987 032** | **52 600 524** | **297 057 348** |
| Årets avskrivingar | 366 000 | 2 008 385 | 8 009 819 | 9 265 159 | 13 810 761 | 33 460 124 |
| | | | | | | |
| Økonomisk levetid | 5 år | 10 år | 25 - 50 år | 3-7 år | 5-7 år | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | |

| Årleg leige av ikkje balanseførte leigeavtaler: | Leigeperiode |
|---|---|
| Leige av lokaler til butikkdrift kr 32 688 083 | 3-10 år |
| Leige av maskiner og utstyr kr 3 620 004 | 5 år |

## 8. TILKNYTTA SELSKAP M.V.

Anleggsaksjar og mindre investeringar i andre selskap der selskapet ikkje har betydeleg innflyting er balanseført til kostpris. Investeringane blir nedskrevne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Utbetalingar frå selskapa er inntektsført som anna finansinntekt.

| Firma | Forretnings-kontor | Stemmeandel | Eigarandel | Eigenkapital iflg. siste årsreknes. | Årsresultat iflg. siste årsreknes. |
|---|---|---|---|---|---|
| Coop Vest Eigedom AS | Moss | 50,00 % | 50,00 % | 152 239 049 | -2 264 282 |
| Byggforvaltning Norge AS | Ålesund | 33,33 % | 33,33 % | 4 458 682 | 631 789 |
| | | | | | |
| Indirekte eige gjennom Coop Vest Eigedom (oppstilt er CVE sine andelar) | | | | | |
| Coop Vest Eigedom Ulsteinvik AS | Moss | 100,00 % | 100,00 % | 4 698 679 | 713 226 |
| Coop Vest Eigedom Ørsta AS | Moss | 100,00 % | 100,00 % | 100 000 | -203 745 |
| Coop Vest Eigedom Volda AS | Moss | 100,00 % | 100,00 % | 78 626 | -15 804 |
| Moengården Vest AS | Nordfjordeid | 50,00 % | 50,00 % | 58 430 226 | 728 759 |
| Citus AS | Førde | 50,00 % | 50,00 % | 113 878 | -320 205 |
| Bicos AS | Nordfjordeid | 50,00 % | 50,00 % | 468 732 | -7 373 |
| Sjøsanden Eiendom AS | Førde | 50,00 % | 50,00 % | 2 543 451 | 781 448 |
| Setrevegen 2 AS | Stryn | 45,00 % | 45,00 % | 10 618 742 | 7 509 305 |
| Coop Vest Eigedom Øyrane AS | Moss | 50,00 % | 50,00 % | 4 392 000 | 0 |

## 9. PANTSETTINGAR OG GARANTIAR M.V.

Samvirkelagenes Garantifond AL, Oslo, har pant for kr 170.000.000 i varelageret og for kr. 160.000.000 i fast eigedom. Dette er garantiansvar for medlemmane sitt låneinnskot i samvirkelaget.

## 10. SKATT

Skattar blir kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytta til det rekneskaps-messige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt og skatt på formue i samvirkebedrifter) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og formue i samsvar med skattegrunnlaget.

**Årets skattekostnad framkjem slik:**

| | |
|---|---|
| Betalbar inntektsskatt | 4 059 531 |
| Betalbar formuesskatt | 547 544 |
| For mykje avsett tidl. år | -892 334 |
| Brutto endring utsett skattefordel i balansen | 3 627 200 |
| **Skattekostnad ordinært resultat** | **7 341 941** |

**Avstemming skattekostnad og skatt utrekna med nominell skattesats:**

| | |
|---|---|
| Årets totale skattekostnad | 7 341 941 |
| Skatt utrekna med nominell skattesats (25%) av resultat før skatt | 7 038 056 |
| **Avvik** | **303 885** |

**Forklaring:**

| | |
|---|---|
| Skatt på permanente forskjellar | -1 331 |
| Skatt på formue | -547 544 |
| For mykje avsett tidl. år | 489 477 |
| Effekt av endra skattesats på utsett skattefordel | -244 487 |
| **Sum forklaring** | **-303 885** |

| | |
|---|---|
| Ordinært resultat før skattekostnad | 28 152 222 |
| Permanente forskjellar | 5 325 |
| Framførbart skattemessig underskot | - |
| Endring midlertidige forskjellar | -13 530 851 |
| For lite avsett tidl. år | 1 611 428 |
| **Grunnlag betalbar skatt** | **16 238 124** |

| | |
|---|---|
| Skatt, 25% | 4 059 531 |
| Skatt på formue | 547 544 |
| **Sum betalbar skatt** | **4 607 075** |

**Spesifikasjon av grunnlag for utsett skattefordel**

| | **2016** | **2015** |
|---|---|---|
| **Forskjellar som blir utlikna:** | | |
| Anleggsmiddel | -9 837 374 | -19 008 108 |
| Omløpsmiddel | -23 147 819 | -23 202 000 |
| Pensjonsforpliktingar/ pensjonspreiefond | 612 590 | 745 160 |
| Andre avsetningar | -5 998 025 | -4 857 513 |
| Gevinst- og tapskonto | 13 921 948 | 8 342 930 |
| **Sum** | **-24 448 680** | **-37 979 531** |
| | | |
| Utsett skattefordel | -5 867 683 | -9 494 883 |
| Effekt av fusjon på midlertidige forskjellar | | |
| Bokført utsett skattefordel (24 %, 25 %) | -5 867 683 | -9 494 883 |

## 11. EIGENKAPITAL

| | Ansvars-innskot | Felleseigd ansv.kap.fond | Utbytte-fond | Annan EK | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 1. januar** | **15 675 383** | **40 577 956** | **31 113 832** | **189 909 577** | **277 276 748** |
| | | | | | |
| **Årets endring i eigenkapital** | | | | | |
| Endring ansvarsinnskot | 337 745 | | | | 337 745 |
| Frå årets resultat | 78 780 | | | 20 731 502 | 20 810 282 |
| **Eigenkapital 31. desember** | **16 091 907** | **40 577 956** | **31 113 832** | **210 641 079** | **298 424 774** |

## 12. EIGARSTRUKTUR

Coop Vest SA er ei medlemseigd verksemd med 53.679 medlemmar pr. 31.12.16. Alle medlemmar har ei stemme på årsmøtet.

## 13. BUNDNE MIDDEL

I posten inngår bundne bankinnskot med kr 11.219.861,-.

## 14. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Kostnader knytta til drift butikklokaler/eigedom | 65 429 062 | 57 633 977 |
| Leige av utstyr | 9 422 782 | 7 370 557 |
| Anskaffing og reperasjonar | 12 482 690 | 12 995 028 |
| Eksterne tenester | 3 581 600 | 3 337 900 |
| Bilkostnader | 1 141 899 | 1 238 998 |
| Reisekostander | 2 304 170 | 1 858 321 |
| Annonser, reklame, sponsorstøtte | 25 749 398 | 25 708 001 |
| Kontorrekvisita, telefon, porto osv. | 9 677 460 | 8 704 804 |
| Andre kostnader | 6 035 370 | 3 055 089 |
| **Sum** | **135 824 431** | **121 902 675** |

## 15. ANNA KORTSIKTIG GJELD

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Trukke fagkontigent | 179 326 | 164 058 |
| Skuldige feriepengar | 22 258 333 | 21 418 752 |
| Skuldig løn | 4 521 613 | 4 517 759 |
| Anna kortsiktig gjeld | 6 759 934 | 5 617 900 |
| **Sum** | **33 719 206** | **31 718 470** |

## 16. FORDRINGAR

| | 2016 | 2015 |
|---|---|---|
| Kundefordringar til pålydande | 10 973 071 | 11 296 858 |
| Avsetning til tap | -1 050 000 | -1 050 000 |
| **Bokført verdi kundefordringar** | **9 923 071** | **10 246 858** |
| Fordringar med forfall om over 12 mnd | 0 | 0 |

*Coop Vest SA sin verdijusterte eigenkapital i 2016 er på om lag 50 %, noko som gjev selskapet god handlefridom dei komande åra!*

## 17. TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Coop Vest SA har husleigeavtaler med Coop Vest Eigedom AS som er 50/50 eigd av Coop Vest SA og Coop Norge Eiendom AS. Det er i 2016 betalt kr. 15.650.528 i husleige til Coop Vest Eigedom AS og datterselskaper.

Størstedelen av alt varekjøpet til Coop Vest SA kjem frå Coop Norge Handel AS. I tillegg vert enkelte driftsmidlar samt enkelte andre driftskostnader, herunder leige av kassasystem, kjøpt inn herifrå.

## 18. FINANSIELL RISIKO

**Marknadsrisiko**
Marknadsrisikoen er vurdert å være låg. Laget har ingen eksponering i utanlandsk valuta, og endringar i rentenivået vil ha avgrensa påverknad på laget.

**Kredittrisiko**
Risikoen for at ein motpart ikkje skal ha økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar overfor laget vert sett på som låg. Historisk sett har det vore lite tap på fordringar.

**Likviditetsrisiko**
Likviditeten i laget er god, og det er ingen forhold som skulle tilseie endringar i likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnskot. For Coop Vest SA sin del så meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå så er denne risikoen begrensa.

Coop Vest SA

# Kontantstraum-oppstilling

pr. 31.12.2016

| | | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| +/- | Resultat før skattekostnad | 28 152 | 21 609 |
| - | Periodens betalte skatt | -4 758 | -2 038 |
| +/- | Tap/gevinst ved salg avanleggsmidler | -8 720 | - |
| + | Ordinære avskrivingar | 33 460 | 29 987 |
| +/- | Endring varelager | -20 357 | -9 472 |
| +/- | Endring kundefordringar | 324 | 564 |
| +/- | Endring leverandørgjeld | 21 571 | 13 421 |
| +/- | Forskjell kostnadsført pensjon mv | 133 | -1 035 |
| +/- | Poster klassifisert som invest.-/finans. aktiviteter | 12 821 | 12 780 |
| +/- | Endring i andre tidsavgrensingspostar | 2 587 | -1 751 |
| = | Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar | 65 212 | 64 065 |
| | | | |
| | Kontantstrømmar fra investeringsaktivitetar | | |
| + | Innbetalingar ved salg av varige driftsmidlar | 11 775 | 72 |
| - | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | -61 376 | -40 377 |
| + | Innbetaling ved salg av aksjar og andelar | 0 | 0 |
| - | Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar | 0 | -3 111 |
| + | Innbetalinger ved oppgjør av finansielle fordringer | 0 | 0 |
| = | Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitetar | -49 601 | -43 416 |
| | | | |
| | Kontantstrøm fra finansieringsaktivitetar | | |
| + | Innbetaling medlemsinnskot | 10 932 | - |
| - | Utbetaling medlemsinnskot | 0 | -19 915 |
| + | Innbetalingar av ansvarsinnskot | 417 | 712 |
| - | Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld | 0 | -17 090 |
| - | Renter ansvarsinnskot | -79 | -75 |
| - | Utbetaling av kjøpeutbytte | -14 483 | -15 007 |
| = | Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitetar | -3 214 | -51 375 |
| = | Netto endring i kontanter og kontantekvavilentar | 12 397 | -30 726 |
| + | Beholdning av kontantar og kontantekvavil. 01.01 | 134 124 | 148 430 |
| + | Tilførte kontantar og kontantevavil. ifbm fusjon 01.01. | 0 | 16 419 |
| = | Beholdning av kontantar og kontantekvavil. 31.12 | 146 520 | 134 124 |

# Revisjonsberetning

KPMG AS

Til årsmøtet i Coop Vest SA

## Melding frå uavhengig revisor

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Coop Vest SAs sin årsrekneskap som syner eit overskot på kr 20 810 282. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av laget si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av laget slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo, Alta, Arendal, Bergen, Bodø, Drammen, Elverum, Finnsnes, Hamar, Haugesund, Knarvik, Kristiansand, Mo i Rana, Molde, Skien, Sandefjord, Sandnessjøen, Stavanger, Stord, Straume, Tromsø, Trondheim, Tynset, Ålesund

KPMG

*Melding frå revisor - 2016*
Coop Vest SA

## Styrets og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til laget si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

## Revisors sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gjev uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av laget sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om laget si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at laget ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserar med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar og informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

2

KPMG

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av laget sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen 1. mars 2017
KPMG AS

Knut Olav Karlsen
*Statsautorisert revisor*

# Årsmøtet

***Medlemsvalte:***

REGION NORDFJORD
Kjell Roset
Marianne Ryssdal
Helge Råd
1. vara Wiliam Fredheim
2. vara Leif Årskog

REGION SOGN
Torstein Kvam
Jermund Fimreite
Therese Lægreid
Harald Thune
Synnøve Balevik
1.vara Else Luggenes

REGION SUNNFJORD
Britt Tjønneland
Harald Kvame
Anne Grete Brandsøy
Mari Constanse Baardsen
Margunn Solheim
Mindor Årset
1. vara Johan Kåre Kjerstad
2. vara Bernhard Øberg
Observatører Kjell R Stien

REGION SUNNMØRE
Martin Klokk
Vidar Vaage
Ingar Warholm
Gunlaug Karin Kleppe
Hjørdis Almelid Vikenes
Anna Luise Østensen Goksøyr
1. vara Inge Hellebust
2. vara Johanne G Pettersen

***Tilsettevalte:***

REGION NORDFJORD
Reidunn Ask Flølo
Jon Myklebust
1.vara Astrid Oline Mikalsen
2.vara Karoline L Kjerpeseth
3. vara Linda Espelund

REGION SOGN
Olaug Lindborg Hov
Jan Flatland
1. vara Veton Gashi
2. vara Ellen Marheim Watten

REGION SUNNFJORD
Marit Botnen
Helge Einebærholm
Åse Bøyum
1. vara Beate Standal
2. vara Sonja Brendø
3. vara Margrete H Alværen
Observatører Jarle Nedrebø

REGION SUNNMØRE
Anna Kjersti Skare, permisjon - styret
Else Beate Barstad
Rita Merete Kjøde
1.vara Anja Lena Djupvik

STYRET
Styreleiar: Wilhelm Gjertsen
Nestleiar: Trudi Vågene
Styremedlem: Kari Riise
Styremedlem: Svein Arne Høyheim
Styremedlem: Geir Årvik
Tilsette: Anna Kjersti Skare
1.vara: Olav Tenden
2. vara: Nina Rusten Sande
3. vara: Målfrid Aspesete

FOR DEI TILSETTE
Styremedlem: Anna Kirsti Skaare
Styremedlem: Dagmar Nese
Styremedlem: Martin Hamre
1. vara: Bjørg Aase
2.vara: Bjørn Knardal
3. vara: Aslaug Huus
4. vara: Geir Gjerde
5. vara: Odd Arild Løseth

VALNEMNDA
Leiar: Arnstein Hauge
Medlem: Kjell Einar Skrede
Medlem: Veronica Frantzen
Medlem: Karen Hornnes
1. vara: Bjarne Sjøthun
2. vara: Per Nicolay Solheim



*Ordførar Harald Kvame*



*Varaordførar i årsmøtet, Jermund Fimreite*

# **Styret** i Coop Vest SA



*Frå venstre: Anna Kjersti Skare, styremedlem - Trudi Vågene, nestleiar - Wilhelm Gjertsen, styreleiar - Geir Årvik, styremedlem - Svein Arne Høyheim, styremedlem - Martin Hamre, styremedlem - Dagmar Nese, styremedlem - Kari Riise, styremedlem*

# **Leiargruppa** i Coop Vest SA



*Geir Espe*
*Adm. direktør*



*Rune Økland*
*Viseadm. direktør*



*Anne Grepstad*
*Organisasjonssjef*



*Øyvind Indrebø*
*Personalsjef*



*Arild Meisterplass*
*Strategi- og utviklingssjef*



*Stein Joar Solheim*
*Økonomisjef*

# **Traineear** i Coop Vest SA - Kull 3



*Tore Svendsen Vik*
*Extra Bygg Ulstein*



*Stian Ekornås*
*Marked Olden*



*Ronny Thunes*
*Byggmix Gaupne*



*Rugile Suchorukovaite*
*Byggmix Gaupne*



*Siri Merete Skårbø Maurstad*
*Prix Selje*



*Lovise Kalland*
*Extra Naustdal*



*Katrin Bøyum*
*Extra Førde*

# Nye butikksjefar 2016



*Hilde Fjellestad*
***Bakar Jon***



*Elin Fedje (vikariat)*
***Freequent Årdal***



*Hans Grift*
***Prix Lærdal***



*Tove Mette Solhaug*
***Prix Gaupne***



*Stian Ekornås*
***Marked Olden***



*Laila Tjærvåg*
***Marked Tjørvåg***



*Bente Kristin Lillebø*
***Kafe Extra Volda***



*Elisabeth Avsnes*
***Extra Høyanger***



*Marius Søvik*
***Extra Bygg Volda***



*Jorun Skålevik*
***Marked Fortun***



*Daniella Cantilla*
***Marked Moltu***



*May Iren Kleppe*
***Marked Leikong***



*Bjørn Vegard Pedersen*
***Mega Volda***

# Gullklokker

***I 2016 var det i alt 4 tilsette som fikk gullklokke etter 25 års samanhengande tenestetid.***

Dei 4 er: Tone Kristin Hjelle – Marked Folkestad, Nyfrid Eide – Extra Kafe Sandane, Elsebet Kvistad – Extra Ørsta og Monica Avedal - Marked Brekke. Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane hausten 2016.



*Styremedlem Kari Riise overrekker gullklokke til Tone Kristin Hjelle – Marked Folkestad og Elsebet Kvistad – Extra Ørsta.*



*Nyfrid Eide – Extra Kafe fekk gullklokka i samband med region-rådsmøtet hausten 2016.*



*Butikksjef Janice Wood Ritchie overrekker gullklokker til Monica Avedal - Marked Brekke.*

# Administrasjonen



*Administrasjonen i Coop Vest SA er lokalisert i 2. etg på Coop Extra-bygget på Kronborg i Førde.*

## Her arbeider vi med:

- Rekneskap
- Fakturering
- Inkasso
- Prisjustering
- IT
- Personal
- Medlem
- Bank
- Byggteknikkar
- Prosjektstyring
- Eigedom




*Frå venstre: Kontormedarbeidar Gunn Takset og lønsans-varleg Turid Ness. Foto: Julie Bjørvik Boge.*

# Coop Vest tek **ansvar** for **matkasting**

***I 2010 kasta vi nærare 80 kilo eteleg mat per innbyggjar i året i Norge. Fem år seinare er matsvinnet redusert med 10 kilo per innbyggjar. Framleis kastar vi for mykje, men vi er på rett veg.***

– Matkasting betyr store økonomiske tap, seier salssjef Ivar Dvergsdal i Coop Vest.

Berre i Coop Vest hamna matvarer for 30 millionar kroner i avfallet i 2016, og dette skal vi redusere kraftig. Vi målar kastesvinnet kvar einaste dag og har stort fokus på dette.

**Nullvisjon**
Null-visjonen gjeld no heile Coop i Norge, og det betyr at alle varer med kort haldbarheit skal seljast før utløpsdato.
Brød, frukt og grønnsaker skal heller ikkje kastast, men skal tilbake i krinsløpet som dyrefôr eller gjenvinnast som biodrivstoff.

– Null-visjon er eit sterkt uttrykk og vert brukt i samanhengar der målet ikkje kan vere anna enn null. Det er så uetisk å kaste eteleg mat at vi ikkje kan ha noko anna mål enn null, seier Dvergsdal.



Null-visjonen er eit sterkt verkemiddel som set i gang nye prosessar og måtar å tenkje på.

– Det er fullt muleg. Vi har døme på butikkar i Coop Vest som klarer å prise ned og selje nesten 90 prosent av datovarene. I løpet av 2016 selde Coop Vest varer med kort dato for 8 millionar, og vi får mange tilbakemeldingar frå våre kundar som likar måten vi gjer det på.

**Tek ansvar**
I tillegg til å vere ulønsamt, er matkasting svært problematisk med tanke på miljø og er etisk forkasteleg, meiner Dvergsdal.

– Det er ingen som driv med daglegvare som ønskjer å kaste mat. Engasjementet vårt er stort ute i våre butikker, og vi har med oss alle tilsette på nullvisjontanken.

Minst like viktig som butikkane sitt matsvinn, er Coop sin evne til å påverke kundane si åtferd. Over 60 prosent av all mat som blir kasta, blir kasta heime.

Ein aukande del forbrukarar seier dei har redusert eigen matkasting, og er blitt meir medvitne på matkasting som problem. Færre kastar mat berre fordi den har gått ut på dato. Samtidig oppgir forbrukarane i undersøkinga at den viktigaste grunnen til at mat blir kasta, er at den er «utgått på dato».

– Vi må auke kunnskapen hos forbrukarane slik at dei tek betre val. Til dømes må fleire forstå at «best før» ikkje betyr «dårleg etter», avsluttar Dvergsdal.



Kort holdbarhet,
men like god!
-40%

# HER FINNER DU VARER MED BEGRENSET HOLDBARHET

NULL-VISJON

Vår visjon er
å SELGE alle varer
med kort holdbarhet
og ikke kaste mat.

coop
litt ditt

# Heimflytta volding sjef for Extra Bygg

***Volda skal verte ein stad der byggjevarer skal komme ut til mange i nærområdet. Det håper i alle høve Coop Vest SA som har investert i eit nytt byggvaresenter i høgskulebygda. Det er den heimflytta voldingen Marius Søvik (29) som er butikksjef for Extra Bygg i Volda.***

- Butikkfaget har alltid interessert meg og eg har aldri angra på at eg valde det som yrkesveg. I utgangspunktet var det daglegvarehandel som var fagfeltet eg interesserte meg mest for, men etterkvart vart fascinasjonen for både byggevare, møbel, elektro og sport større. Etter fullført utdanning flytta eg heim til Volda for fem år sidan saman med sambuaren min Rebecca. Eg har pendla nokre år til Ålesund og arbeidd der. I 2016 vart vi foreldre for første gong og det er ei fantastisk oppleving kvar ein dag, seier Marius Søvik.

*Vi må ha evne til å sjå butikken både med «kundeauge» og «butikkauge» - det skal vere innbydande og spennande for kundane, men vi skal også tene pengar!*

Han er fødd og oppvaksen i Volda, og budde i heimbygda fram til han hadde fullført vidaregåande. Dagane hans gjekk med til både fotballspeling og andre aktivitetar. Etter vidaregåande flytta han til Bergen og tok til på ei bachelorgrad i varehandelleiing ved Handelshøgskulen BI, som i tidligare år vart drifta av Norsk Kjøpmannsinstitutt.

## Kundane i sentrum

Marius søkte på butikkleiarjobben først og fremst fordi at byggjevarer er eit spennande fagfelt.

- For det andre er kundepåverknaden og kundedialogen til stades i stor grad i denne typen butikk og for det tredje såg eg ei god moglegheit til ein «ny frisk» for byggjevarebutikken i Volda med nye lokale der ein på mange måtar startar på nytt. Nye rutinar skal setjast inn, eit nytt konsept skal byggast opp og ein får gode høve til å nå ut til eit mykje større kundeområde enn tidligare.

- Kva for personlege eigenskapar er viktig å ha når du skal arbeide ved eit byggsenter?

- Det aller viktigaste er å ha eit godt kundefokus – og med det tenkjer eg både det å vere vennleg og positiv ovanfor kundane og det å ha ei evne til å sjå at vi hjelper kunden med eit prosjekt og dei råda og produktforslaga vi kjem med vil ha stor innverknad på resultatet til kunden. I tillegg må ein ha evne til å sjå butikken både med «kundeauge» og «butikkauge»; det skal vere innbydande og spennande for kundane, men butikken skal også tene pengar.

## Klare ansvarsområde

- Den nye butikken er stor - korleis klarer de å halde oversikten over butikken?

- I hovudsak er det knytt opp mot områdeansvar. Først har vi ei inndeling mellom butikk og trelast, der vi har ein avdelingsleiar for kvar avdeling, så har vi inndeling mellom ulike gruppeansvarlege i butikken, der kvar enkelt har ansvar for mellom anna varebestilling for sitt vareområde. Alle tilsette har definerte område ein skal konsentrere seg om når ein er på jobb – men vi må sjølvsagt vere fleksible og trå til der det er behov utover dette.

- Kor mange tilsette er det i Volda no?
- No er vi 20 tilsette fordelt på 13,5 årsverk. Vi måtte gjere fleire nytilsetjingar i forkant og etterkant av opninga og det er veldig kjekt.

- Korleis trur du at handelsbildet vert framover?

- Vi ser på Volda, Ørsta, Hornindal, Stryn og Nordfjordeid som våre hovudkommunar. Kundetrafikken frå Nordfjord har vore veldig bra i perioden etter opninga 9. juni og dette vonar vi vil fortsette. Vi valde også i samband med oppstarten av ny butikk å utvide utkøyringsrutene våre, med større bil i samarbeid med ekstern aktør som køyrer større og vidare rutenett enn tidligare.

## Positive tilsette

- Du er ung og allereie butikksjef - korleis heng det i hop?
- Det er ikkje noko eg har reflektert så mykje over, men eg er ein person som likar å ta tak og har alltid fått mykje ansvar, det vere seg på skule, på fotballbana eller andre stadar. Eg er tilpasningsdyktig og har lett for å sette meg inn i ting. Og så har eg ganske klare formeiningar om korleis ein skal kombinere det å vere ein attraktiv stad for kundar, ha positive tilsette og samtidig sørge for at butikken tenar pengar.

I tida etter nyopninga 9. juni, har butikken hatt ein god vekst samanlikna med 2015-tala. Året vart avslutta godt føre budsjett, trass i at opninga vart nokre månader seinare enn det som var planlagt.

- Vi hadde ein vekst på 65 % samanlikna med tilsvarande periode i 2015 frå opningsdato og ut året og ei gjennomsnittleg omsetning på om lag 1,4 million per veke. Hovudtyngda av kundane er frå Volda og Ørsta, men vi også mykje aktivitet frå Hornindal, Stryn og Eid, noko som er veldig gledeleg. Snitthandelen har auka bra, noko som kan tyde på at utvidinga i sortimentet har vore vellukka. Folk finn i større grad «alt» ein treng til heim, hage eller prosjekt ein held på med. Utvida opningstider har også blitt godt motteke av kundane. Mange set pris på moglegheita til å få handle byggevarer heilt til klokka 19 på kvardagar og 16 på laurdagar, konstaterer butikksjefen.

I januar i år vart butikken kåra til Årets




***Voldingen Marius Søvik (28)*** *er sjef for Extra Bygg i Volda. Han likar seg godt i den nybygde butikken og saman med positive tilsette. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)*

Handelsbedrift i Volda kommune av Nordea som årleg deler ut denne prisen til bedrifter som har utmerka seg positivt. Den viktigaste grunngjevinga frå juryen var at Extra Bygg Volda har gjennom målretta satsning og store investeringar i Volda utvikla ein særs god butikk. Tilbodet framstår som attraktiv, det ytast god service med god fag- og produktkunnskap, og lokala er godt utforma for å gje ei god handleoppleving.

- Dette var ei særs hyggeleg overraskning og ei fin anerkjenning for alle tilsette hjå oss. Vi jobbar med kunden i fokus kvar einaste dag, og det å skape gode handleopplevingar er nøkkelen for at vi skal lukkast. Vi har hatt ei god utvikling gjennom heile året og prisen motiverer til vidare positiv utvikling seier butikksjefen.

### Toppturar

- Kva likar du å gjere på fritida?

- Eg har alltid vore glad i aktivitet, anten det dreiar seg om å jogge, gå på fjellet både sommar- og vintertid, snekre eller fiske. Fotballsparking har det blitt mindre av med åra, men fotball på tv er alltid ein sikker vinnar.

- Kva slags fjelltoppar i Volda har du vore på?

- Dei aller fleste på «Voldahalvøya», men diverre alt for lite i Dalsfjord- og Lauvstadfjella. Kyrkjefjellet, det høgste fjellet i Volda, frå Skinnviksetra på ski er ein veldig flott tur, medan utsikta frå både Melshornet og Rotsethornet er fantastisk flott i forhold til tidsbruken, meiner butikksjef Marius Søvik hjå Coop Extra Bygg i Volda, som etter innhaldsrike og hektiske arbeidsdagar gjerne brukar litt av fritida si til å nyte den flotte sunnmørsnaturen.



***Coop Vest SA*** *har bygd eit stort byggvaresenter i Volda som opna i juni og gjennom samarbeid med ein ekstern aktør har dei utvida utkøyringsrutene sine. (Foto: Hjørdis Almelid Vikenes)*



## *Salssjef Marked: Ivar Dvergsdal*

Coop Vest har 27 Coop Marked-butikkar fordelt på 16 kommunar i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Kommunar som er samansett av mange små og mellomstore bygder og øyar. I mange av desse bygdene er det butikkane som er den sosiale samlingsplassen og det einaste servicetilbodet.

Vi vil takke våre eigarar og kundar for at de sluttar opp om den lokale Coopbutikken. Samtidig vil vi utfordre dei som handlar lite lokalt til å tenkje over kva butikken betyr for bygda.

Når du handlar lokalt, er du med på å oppretthalde butikken og eit levande lokalsamfunn, seier salssjef for Coop Marked Ivar Dvergsdal.

Tal butikkar: 27
Omsetnad: kr 299 820 374

Coop Marked står for 16,79 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Marked Skjolden opna i nytt bygg i mai. Coop Marked Askvoll er den butikken med størst vekst, med 18,2 %.

# «Godt vi har kvarandre»



***Butikksjefane i Coop Vest** samla på butikksjefmøte på Gardermoen i juni 2016.*



***Marked Askvoll:** Butikksjef Mariann Liset klar til å ta imot gjestane og kundane som skal på Skjærgårdstreffet 22. og 23. juli.*



***Marked Balestrand** klar for å ta imot gjestane, Balejazz mai 2016.*



***Marked Barstadvika** - 13. aug. arrangerte tilsette og butikkrådet ved Coop Marked Barstadvik grilldag utanfor butikken.*



***Marked Brekke** - Fra venstre, Janice Ritchie, Monica Avedal, Sylvi Asheim og Renate Sætre.*



***Julegrantenning i Brekke** - Butikken hadde ekstra tilbod den dagen. Alle tilsette sto på for å gjere dagen perfekt.*



***Marked Dale:** Mona Mari Hatlebrekke i ferskvareavdelinga.*



***Marked Fiskå** - Butikkmedarbeider Tordis Thunem og butikksjef Bjørn Knardal.*





**Marked Florø** - *Malin fyller på det sunne alternativet. Anita og Robin har gjort klart lunsjskapet.*



**Marked Folkestad** - *Grilldag på Folkestad.*




**Marked Fortun** - *Salssjef for marked, Ivar Dvergsdal, er på plass i Fortun for å ønskje ny butikksjef velkommen.*




**Marked Fresvik** - *Tilsette ved Coop Marked Fresvik har klargjort butikken, for å ta imot kundar og gjester som skal på konserten Fres Festival 28. til 30. juli 2016*



**Marked Gjerdsvika** - *Her representert ved butikksjef Inger Janne Gjerde og ein representant frå butikkrådet.*




**Marked Hornindal** - *I september arrangerte Coop Marked Hornindal marknadsdag.*



**Marked Kvamsøya** - *Julegrantenning ved Coop Marked Kvamsøy.*



**Marked Larsnes** - *Dei tilsette ønskjer eigarar og kundar velkommen til julehandel.*

## «Godt vi har kvarandre»




***Marked Syvde - Landets beste frukt- og grøntavdeling!*** *Marked Syvde Norgesmester i Frukt og Grønt , og kan smykke seg med tittelen vinnar av NM i frukt og grønt 2016 for små supermarknader.*



***Marked Lauvstad*** *klar for kunde!!*



***Marked Leikong***





***Marked Moltu*** *- Butikken på Motustranda feira nærbutikkensdag med å servere gratis frukost til kundane.*



***Marked Olden*** *klar for sommarsesongen 2016.*







***Marked Reed***



***Marked Rovde*** *- Butikksjef Lillian Årskog og Linda Ramsevik.*



***Marked Sandsøya*** *- Midtsommarfest på Sandsøya.*



***Marked Skjolden*** *- Gratulerer med ny butikk! Frå venstre: Gita Trule, Silvija Apeinane, Agnese Bremere.*





***Marked Tjørvåg****: Laila Tjervåg, ny butikksjef og tilsette ønskjer bygdefolket velkommen til julebrunsj.*



***Marked Vadheim*** *31. okt. feira vi Halloween. Det var gratis ansiktsmaling for barna, grilling av marshmellows og heksebrygg fra den sorte gryte*



***Marked Vassenden*** *- F.h.: Butikksjef Anne Lise Årdal og butikkmedarbeidarane Janne Årdal og Chatrine Friborg.*



***Marked Åheim*** *- Butikksjef Jenny Hoddevik Westerås serverer vafler til eigarar og kundar på nærbutikkens dag.*

# «Eit hav av fristelsar»



## *Salssjef Mega: Kristian Reed*

Sjølv om vi berre har 3 Mega-butikkar i Coop Vest, viser dei godt igjen der vi er representerte. Butikkane har som mål å vere eit alternativ for dei som ønskjer det lille ekstra. Det finst ingen andre butikkar i området vårt som kan konkurrere med den kvaliteten desse butikkane leverer – spesielt på ferskvare.

Dette stiller store krav til dei tilsette i butikken, og dei jobbar knallhardt kvar dag for å gi kundane ei god handleoppleving. I år har kvar enkelt butikk sett seg klare mål utfrå kva tilbakemeldingar kundane har gitt, og vi håpar dette vil hjelpe butikksjefane å heve nivået endå eit hakk.

Tal butikkar: 3
Omsetnad: kr 234 124 307

Coop Mega står for 13,11% av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Mega Høyanger og Coop Mega Eid var tomprofilert til Extra. Coop Mega Volda er den butikken som har størst vekst, med 4,5 %.



***Mega Førde:*** *Det er mange flotte butikkar i Førde, men ingen kan måle seg med utvalget og kvaliteten vi har på Mega.*



***Mega Ulsteinvik:*** *Etter ein kjempeinnsats av de tilsette i 2016, blei vi i januar 2017 lønna som 1 av 4 butikkar som har utmerka seg på frukt & grønt!*



***Mega Volda:*** *På Mega Volda er vi ekstra stolte over fiskedisken i butikken – den gir oss eit fortrinn samanlikna med konkurrentane våre.*

# «Smil du har gjort ein god deal»



***Prix Byrkjelo:*** *På Byrkjelo er vi opptatt av å vere synlege i bygda, og når Country-festivalen går av stabelen er vi alltid godt representert.*



***Prix Gaupne:*** *Lustradagane er alltid ein stor fest I bygda, og 2016 blei intet unntak! Vi gledar oss til å feire med alle dei flotte kundane våre også i 2017.*



***Prix Hermansverk:*** *Med beinhard konkurranse dreier mye seg om frukt & grønt, service og kvalitet på Hermansverk.*



***Prix Lærdal:*** *Nokre nye ansikt på butikken i Lærdal, og dei håpar at fleire no vil ta turen inn for handle på den flotte butikken i bygda.*



***Prix Selje:*** *Vi hadde ein kjempegod vekst i butikken i Selje i 2016, og forventar at 2017 skal bli like bra.*



***Prix Svelgen:*** *I januar fekk vi bekreftinga på at vi er best i landet på frukt og grønt i Prix-kjeden. Dette veit vi å feire, og 2 av våre dyktige tilsette fekk endåtil reise til Ski-VM i Lahti!*



## *Salssjef Prix: Kristian Reed*

2016 var eit spennande år for Prix-butikkane i Coop Vest. Trass i beintøff konkurranse har vi klart å stå godt imot, og fleire butikkar opplevde ein sunn vekst i 2016. Det er alltid ein vanskeleg balanse mellom pris og kvalitet i lavprisbransjen, og det handlar om at kvar enkelt tilsett yter 100 % på jobb.

Det er krevjande å jobbe i butikk, og eg håpar kundane set pris på jobben som blir gjort av alle våre tilsette. Vi er avhengig av kundane våre, og skal vi bli betre er vi nøydde til å høyre på kundane våre sine ønskje, og utvikle butikken i riktig retning. Heldigvis har vi mange dyktige butikksjefar og tilsette som jobbar mot dette målet dagleg.

Tal butikkar: 6
Omsetnad: kr 226 223 780

Coop Prix står for 12,67% av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Prix Kaupanger stengte i november. Coop Prix Selje er den butikken som har hatt størst vekst i 2016, med 7,2 %.



## Salssjef Extra: Ronny Sørbotten

Extra er Norge sin raskast veksande daglegvarekjede – takka vere ein kombinasjon av Extra stort utval til Extra låge prisar, der kundane kan gjere innkjøp til heile veka på same butikk.

Lokalt forsterkar vi i Coop Vest våre Extra-butikkar med eit stort utval frå lokale produsentar. Vi er stolte av å kunne opne våre butikkar kvar dag, og set service og kundeopplevingar som eit av våre viktigaste fokusområde i året som kjem.

Tal butikkar: 13
Omsetnad: kr 764 535 472

Extra står for 42,81 % av omsetninga i Coop Vest SA. I april vart Coop Mega Høyanger omprofilert til Extra Høyanger. Coop Mega Eid stengte i september samtidig som vi opna Extra Nordfjordeid i nye lokale i Moengården. På Kaupanger stengte vi Coop Prix Kaupanger og opna Extra Kaupanger i nye lokale i november. Extra Førde er framleis Noregs største Extrabutikk, sjølv om kjeden har 350 Extradaglegvarebutikkar rundt om i landet.

EXTRA

# «Extra stort utval til Extra låge prisar»



***Extra Florø:** 3. september 2016 hadde Extra Florø marknadsdag utanfor butikken.*




***Extra Fosnavåg:** Nov. 2016, Extra Fosnavåg delte ut 40 draktsett til mottakssenteret for mindreårige flyktningar i Fosnavåg.*



***Extra Førde:** Framleis Norges største Extra!! No sel dei varer for over 185 millionar kroner. Kathrin Midtbø Bøyum og Ørjan Alme jublar over fjorårets sal.*



***Extra Hareid:** 28. oktober er tilsette ved Extra Hareid klar for å feire Halloweendagen*



***Extra Høyanger:** I september hadde ekspeditør Vigdis og frukt & grønt ansvarleg Wenche vore tilsett i Coop i 30 år .*



***Extra Naustdal:** Extra Naustdal fossar fram! Gro Sørbotten, Norunn Stubhaug, Malin Ivarsson er klar for medlemsverving.*




***Extra Naustdal:** 18. juni 2016 fekk Extra Naustdal besøk av Extra Grill Tour.*




***Extra Nordfjordeid:*** *Tilsette ved Extra Nordfjordeid takkar alle kundar og medlemmar for god mottaking i 2016.*



***Extra Kaupanger:*** *24. november 2016 - Laila Mikkelsen, Jorunn Brekke og Anita Lahaug, ønskjer medlemmar og kundar velkommen til ny butikk.*




***Extra Sandane:*** *Fjordz iskrem på besøk i desember. God is med blant anna jordbær frå Gloppen.*



***Extra Volda:*** *Årets butikk på faghandel fem på rad. Ingelin Øye og dei andre tilsette v/butikken er kry av «veggen» sin.*








***Extra Sogndal*** *var kamp-sponsor på to kampar i 2016. Tilsette klar for å heie på heimelaget Sogndal:)*



***Extra Ørsta:*** *Aktivitetsdag for borna.*



***Extra Øvre Årdal*** *klar for kunde :)*

# Extra bygg



***Salssjef Extra Bygg: Tore Gamborg***

Handel med byggevarer er eit satsingsområde for Coop Vest. Gjennom dei seinaste åra har våre bygg-butikkar teke betydelege marknadsdelar, og i 2016 omsette våre byggbutikkar i Coop Vest for ca NOK 235 000 000 inkl. mva. Det er ingen tvil om at byggevaremarknaden er prissensitivt, og Coop Vest si satsing og etableringar innan Extra Bygg-kjeden har blitt godt motteken i marknaden. Det er også på sin plass å nemne at våre 3 Bygg-mix- butikkar har ein flott vekst på ca 10 % gjennom 2016. Vi trur våre kundar velger ut byggevarebutikk ut frå 3 ulike parameter:

- Pris
- Sortiment
- Kompetanse

Vårt fokus gjennom 2017 og tida framover vil dreie seg om å styrke oss på alle desse punkta. Våre butikksjefar jobbar hardt for å kunne skape gode, trygge og prisgunstige handleopplevingar for våre kundar.

Tal butikkar: 3
Omsetnad: kr 161 088 994
Extra Bygg står for 9,02 % av omsetninga i Coop Vest SA. I juni vart Coop Byggmix Volda omprofilert til Extra Bygg Volda etter nesten eitt år med ombygging.

## «Byggevarer til Extra låge prisar heile året»






***Extra Bygg Førde*** *hadde i 2016 eit godt år. Dette til tross for at konkurransen i regionen og nasjonalt er tøffare en nokon gong i bygg segmentet. Kjeden har stort utval av kjende merkevarer til lave prisar. Dette har våre kundar lagt merke til og nyttar oss når dei har behov. Extra Bygg Førde er den største aktøren mellom Bergen og Ålesund, på privatmarkedet. Vi er den butikken som selger mest av blant anna maling, gulv, garderobe og baderoms innredning i regionen. Dette er eit resultat av dyktige medarbeidarar, kjende merkevarer, lave prisar og god tilkomst til butikken. Vi gjennomførte også mange aktivitetar for kundane våre som inspirasjonsmesser, grillkurs og ekstra medlemskupp gjennom året. Extra Bygg Førde markerte seg også positivt innad i kjeden, ved å vinne ein rekke prisar. Vi ser fram til 2017 då kjeden feirar 10 års jubileum. Butikken i Førde var den første som vart etablert i Norge og dette skal vi feire i lag med våre kundar, seier butikksjef Rune Øksenberg.*






***Extra Bygg Ulsteinvik:*** *Gruppeleiar maling Liv Janne og seljar Gunn Veronika frå Jotun demonstrerer malingsteknikkar for kundane. Malingsavdelinga hadde ei fin omsetningsutvikling i 2016, seier butikksjef Vidar Ulstein.*

## «Din lokale faghandel»





***Coop Byggmix Gaupne***




***Coop Byggmix Hermansverk***
*Desse to Byggmixbutikkane framstår i dag som framtidsretta butikkar.*



***Byggmix Åheim:*** *Vi har det meste for dei fleste, seier butikkedarbeider Rita Merete Kjøde og butikksjef Lillian Bakkebø.*



### ***Salssjef Byggmix: Tore Gamborg***

Begge våre Byggmixbutikkar i Sogn har eit godt år bak seg, med ein samla vekst på ca 10 prosent. Ein dyktig butikksjef og engasjerte medarbeidarar fokuserer på å skape gode kundeopplevingar kvar dag.

Tal butikkar: 3
Omsetnad: kr 32 487 633

Coop Byggmix står for 1,82 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Byggmix Volda vart omprofilert til Extra Bygg. På Byrkjelo stengte vi Coop Byggmix Byrkjelo i mai. Coop Byggmix Hermansverk er den butikken med størst omsetningsvekst, med 11,8 %.



Foto: Roy Sunde

## *Teamansvarleg kafe: Per Otto Huseklepp*

Det er i dag fire kafear i Coop Vest; frå Volda i nord, via Sandane og Byrkjelo til Førde i sør.

Fire ulike kafear, men med eit felles mål om å servere den beste husmannskosten på Vestlandet.

Dette får vi til gjennom stor bruk av lokale råvarer og eit fokus på høg kvalitet. Vi håper og trur at de som et hos oss er nøgde med maten og servicen, og at alle andre kundar er einige i dette. Det skal vere ei god matoppleving å ete på Coop Vest sine kafear.

Tal butikkar: 10
Omsetnad: kr 67 603 069

Faghandel og kafear står for 3,79 % av omsetningai Coop Vest SA. Gruppa består av Extra Kafe i Førde, Sandane og Volda, Domus Klede i Førde og Høyanger, Freequent-klei Sogndal og i Øvre Årdal, Sporten Høyanger, Førde Gullsmedforretning og Bakar Jon. Extra Kafe Volda er den avdelinga som har størst omsetningsvekst på 18,3%.

Andre



*Butikksjef Per Otto Huseklepp, Chalita Nitanate og Linn Solheimsnes har som mål at dei skal bruke fleire lokale matleverandørar, også når det er potetball som står på menyen. - Desse er levert frå Signe's Raspeball i Førde, og dei er kåra til Norges beste av Matkontrollen på TV2, fortel butikksjefen. (Foto: Roy Sunde)*

# Satsar på **lokale** leverandørar

***For Coop Extra Kafe i Førde er det eit satsingsfelt å skaffe mat frå mange lokale leverandørar. - Vi skal servere mat av beste kvalitet, klassisk husmannskost og så ofte som mulig frå lokale leverandørar. Det skal gå kjapt å få maten, derfor har vi alltid 4-5 av dagens rettar, seier butikksjef Per Otto Huseklepp.***

Kaféen har tilbod til alle aldersgrupper, men den største kundegruppa er godt vaksne menneske. - For oss er målet at det skal vere kjekt å gå på kafeen, og vi skal ha god service.

### Gode synergiar

- Kva effekt har de av å vere i same bygget som to andre Coop-butikkar?

- Det er mange som skryt av at vi har alt under eit tak her, så vi prøver å skape synergiar mellom avdelingane. Har Ørjan demo i butikken, så prøver vi å servere same mat den dagen. Handlar du for ein viss sum på «Byggen», får du ein verdikupong med ein gratis middag i kaféen. Vi prøvar å jobbe i lag.

- Korleis gjer de det med diettmaten, med tradisjonsmaten, med ungdomsmaten og med barnematen? Tenkjer de at alle kan ete alle rettane, eller differensierer de tilboda de har?
- Alle skal kunne ete all mat, men det er klart at vi tilpassar oss litt i forhold til dei ulike gruppene.

### 10-års jubileum

Hausten 2007 opna Coop-kaféen dørene i Førde. Per Otto byrja å arbeide i kaféen i 2015.
Det er åtte fast tilsette i verksemda, i tillegg til fleire ekstrahjelper.

- Vi har heilt klart flest middagsgjester, og vi har flest besøkande frå klokka 12-17.

- Korleis fornyar de dykk med nye rettar og smakar?

- Vi har nokre faste rettar på menyen, og elles lager kokkane mykje variert som dukkar opp inn i mellom.

*Til sommaren vert det igjen grilling ute når det er landsskyttarstemne i Førde og med Coop-bygget som næraste nabo til stemneområdet. Martin Haug syter for grillmaten ein varm sommardag i fjor. (Foto: Per Otto Huseklepp)*



### Catering og uteliv

- Har de nokre bedriftskundar også slik at de har catering?

- Vi har nokre faste kundar som vi leverer mat til, og elles leverer vi mat til ulike arrangement og til lukka lag om søndagane då kaféen vanlegvis er stengt, til dømes konfirmasjonsselskap. Vi har plass til 150 gjestar. Dette med større lag og catering er eit framtidig satsingsområde, så det håper vi det blir meir av. Til sommaren i juli og august skal det vere landskyttarstemne her i Førde, og då skal vi levere mat til det arrangementet. Oppe i stemneområdet på Kråkenesmarka skal vi ha ein butikk med ein mini-kafé, samtidig som vi forventar eit stort trykk på kaféen då campingplassane ligg i området rundt Extravarehuset.

- Kva er det kjekkaste ved å arbeide i ein kafé?

- Det er å treffe mykje folk og å gjere menneske mette og fornøgde.

- Kva er den største utfordringa ved å drifte ein etestad?

- Det er konkurransen og det å halde eit høgt nivå til alle tider. Vi lever av at folk likar maten vår og det å ete her, så vi må vere på tå hev, oppsummerer Huseklepp.

*Hjørdis Almelid Vikenes (Tekst/Foto)*



## Kafe Extra Sandane

Kafeen på Sandane vart hausten 2015 omprofilert til Extra og held til i same varehuset som Extra daglegvare Sandane. Vi sel mest middagsmat og har tradisjonsmat på menyen kvar dag, i tillegg til smørbrød, kaker og salatbar. Frå vårt varmeskap sel kafeen nygrilla kylling og varme lunsjrettar.

Kafeen leverer også ein del catring til ulike verksemder i Gloppen.

*Butikksjef Extra Sandane, Nyfrid Eide.*



*Janne Marie Solheim*

## Kafeen på Byrkjelo

Kafeen som er i samband med Bakarjon-butikken på Byrkjelo er i stadig utvikling og driven av Janne Marie Solheim.

Her får du standard middagar frå menytavlene våre, men også dei gode dagens rettar som er laga meir på lokale råvarer og husmannskost.

Tilbudet om å ta med seg varer frå butikken/bakeriet å sette seg ned i kafeen å nyte eit avbrekk i kvardagen er også ein del av pakka.

Vårt eige bakeri står får ferske kaker og wienerbrød i kakedisken kvar dag, saman med kaffikoppen er dette vert turen :)





Dagleg leiar Bente Lillebø (t.v.) og Alis Costa serverer mange middagsporsjonar i løpet av ein arbeidsdag på Extra-kaféen i Furene i Volda.



Ove Røv og Else Rikhardsen kjøpte seg fiskemiddag på Coop-kaféen i Volda. Dei set stor pris på  å ha ein lokal etestad som serverer norsk tradisjonsmat.

# Kjekt å få **tradisjonsmat**

***Extra-kaféen i Furene i Volda opna for kring fem år sidan. Torsdagane når det er potetball på menyen, er det ofte kø for å få seg bordplass i kaféen. - Vi sel mest middagsmat, og vi har mykje tradisjonsmat på menyen som fiskerettar, sosakjøt, lapskaus, kjøtpudding og potetball. Spekesild er ein salssuksess hjå oss, fortel dagleg leiar Bente Lillebø.***

- Vi er her av og til og et tradisjonsmat. No har eg vore to månader i utlandet, så i dag har eg kjøpt fisk til middag, seier Else Rikardsen. Saman med Ove Røv nytta ho høvet til å kjøpe seg kvardagsmiddag på kaféen som Coop driftar i Furene i Volda. Etestaden ligg i same bygget som Coop Extra, i lokala som Brænne Mineralvatn i si tid laga saft og brus.

- Eg synst det er kjekt å ha ein stad som sel norsk mat også, meiner Ove Røv.

### Hyggjeleg ramme

- Vi har ei målsetjing om å lage god mat, lage det koseleg på småborda og gje kundane våre ei god stemning når dei kjem og vil kjøpe mat hjå oss. På veggane heng det kunst av ein lokal kunstnar, det synst vi også er kjekt å kunne ha. Vi har vel 60 sitjeplassar i lokalet vårt, seier Bente Lillebø.

Ho arbeidde tidlegare på Coop-kaféen i Volda i 12 år, før ho bytta arbeidsstad til kaféen i Furene. Det åtte personar som arbeider der no. I tillegg til alle middagsgjestane har dei også cateringleveringar og faste bedriftskundar i nærområdet som dei leverer mat til. For to år sidan fekk voldingane prisen for å ha hatt størst omsetningsvekst mellom kaféane i Coop-systemet.

- Vi prøvar ut nye rettar heile tida, let oss inspirere av andre etestadar og plukkar opp matrettar frå både blad, bloggar og nyhende som vert presentert i media. Elles er mesteparetn av kakene vi sel laga av oss, og dei fleste middagsrettane lagar vi frå botnen av.

### Variasjon er flott

- Kva er det kjekkaste ved å arbeid i ein kafé?

- Det er at vi har så varierte dagar og mange hyggjelege kundar. Dette at vi får veksle mellom å lage til mat, stå i kassa, servere kundar, rydde og ordne, gjer at dagane ikkje vert like og at vi får sirkulere litt med ulike oppgåver.

- Kva er den største utfordringa ved å drifte ein etestad?

- Det er å halde kundetalet oppe og få nøgde kundar. Vi har heldigvis lite svinn av mat, men det er noko vi arbeider med jamleg for å vere best mogleg på det også. Slik sett er vi heldige som ligg i same bygget som Extra, for då har vi alltid tilgang til gode råvarer og også lokale leverandørar, avsluttar Bente Lillebø.

*Hjørdis Almelid Vikenes (Tekst/Foto)*



- Å ha varierte arbeidsdagar gjer det kjekt å arbeide på kafé, meiner dagleg leiar Bente Lillebø hjå Coop Extra-kaféen i Furene i Volda.

# Sport, gullsmed, garn og mote…



***Domus Førde:*** *Regionens største garnbutikk som og har stort utvalg i dame- og herrekle.*





***Førde Gullsmedforretning*** *er byens eldste gullsmedbutikk. Butikken har eit stort utvalg av gull- og sølvsmykker og bunadsølv. Butikken er og forhandlar av Løiten lys.*



***Sporten i Høyanger*** *er ein attraktiv sportsbutikk, og er fullt på høgde med ein sportsbutikk i byen.*



***Manufakturen i Høyanger:*** *Masse fint, både billeg og dyrt. God service og hyggelege damer.*



***Freequent:*** *Butikksjefane Unni Ynnesdal,* ***Freequent Sogndal*** *og Elin Fedje,* ***Freequent Øvre Årdal*** *på innkjøpsmesse hausten 2016.*

# Nybygg både her og der…



## *Prosjektsjef Coop Vest SA: Geir Iversen*

**Fokus på val av riktig utstyr!**
Når vi skal bygge opp ein ny butikk er det viktig for Coop Vest å investere i utstyr med tanke på miljø, levetid og energiforbruk. Her er nokre stikkord på kva vi krev under innkjøpsprosessen.

**Kjøl og fryseteknisk anlegg**
- Framtidsretta anlegg med $CO_2$ som kjølemedium som er den gassen med lågast klimabelastninga pr. i dag.
- Driftssikkerheit gjennom kjente leverandørar med gode referansar og bruk av lokale installatørar.
- Lågast mogeleg energiforbruk ved å stille krav til nattgardin på fruktrom, hurtigportar på kjølerom, samt Led-lys med tidsstyring i alle kjølediskar, kjølerom og fryserom.

**Ventilasjonsanlegg**
- Anlegg med optimal varmegjennvining gjennom varmevekslar samt varmebatteri tilknytt overskotsvarmen frå det kjøletekniske anlegget.

**Belysning**
- Komplett installasjon av Led-belysning i butikk, lager og alle sosiale rom. Alle kontor, garderobar og toalett med bevegelsestyring av lys slik at dei slokker seg automatisk når ingen nyttar romma.

Dette gjev oss ca. 50 % reduksjon i energiforbruk i høve til utstyr som vart nytta tidlegare.





***Extra Høyanger** opna 28 .april. Coop Vest hadde gleda av å opne Extra-butikk nummer 337 i Høyanger. Tilbakemeldingane var svært positive. I god tid før opninga, stod rundt 150 personar utanfor og venta for å sleppe inn i den nye Extra-butikken. Fagforeningens Musikklag spelte utanfor butikken før opninga. Det var varaordfører Kristin Sagerøy Råsberg som fekk æra av å klippe snora og ho takka Coop Vest for at dei har investert i bygget.*






***Coop Marked i Skjolden** opna 12. mai 2016. Vêrgudane var på Coop si side då den nye butikken opna rett før pinse. I fint forsommarvêr hadde folk så og seie gått mann (og kvinne, sjølsagt) av huse for å gjere seg kjende med den viktige butikken for bygda. "Godt vi har kvarandre" er eit slagord som til fulle passar på Coop Marked i Skjolden - og for den lange rekkja av dei andre samfunnsnyttige nærbutikkane i Coop-regi landet rundt. Det er bygdefolket som har bygd butikken. Coop Vest leiger lokalet.*










***Extra Nordfjordeid:** Torsdag 15. oktober opna Extra Nordfjordeid dørene til ein splitter ny matvarebutikk. Som kunde kan du no også vere heilt sjølvbetjent frå du går inn døra til du går ut. Posten flytta inn i same lokala.*






**_Extra Kaupanger:_** *Torsdag 24. november opna Extra Kaupanger, og ordførar Jarle Aarvoll var på plass og klypte snora. Den tidlegare Coop Prix-butikken har endra namn og flytta inn i eit 990 kvadratmeter stort lokale, berre eit steinkast frå den gamle butikken.*






**_Extra Førde:_** *Reopning 27. oktober – Vi har bygt den største lokalmatavdelinga i Norge.*





**_Mega Førde:_** *Fekk sjølvscanningskasse og Post i Butikk hausten 2016.*



*Ole-André Leivdal*
*IT og Sikkerhetssjef*
*Coop Vest SA.*

## IT og sikkerheit

**Sjølvskanning**
Coop Vest har i dag seks butikkar med sjølvscanning. Vi ser at mange av våre kundar nyttar desse og vi kjem i løpet av 2017 til å etablere sjølvscanning også på Extra-butikkane i Øvre Årdal, Sogndal, Florø, Fosnavåg og Volda. På nye-butikken i Stryn og på den planlagde på Dale, vert dette også ein del av kassa-løysinga. Sjølvscanninga kjem til å ha utsjekksportar.

**Elektroniske etikettar.**
Coop Vest jobbar kontinuerleg med å sikre at du som kunde har rett prisinformasjon i butikkane våre, som ein del av dette etablerer vi i 2017 elektronisk prisetikettar på alle våre Prix-butikkar.



*Fredrik Iversen,*
*VPI ansvarleg.*




# Årets butikk 2016




***Årets butikk 2016:*** *Frå venstre adm dir Geir Espe og butikksjef Martin Hamre.*




# Vinnarbutikkane 2016



***Årets Marked:***
*Butikksjef Anna Kirsti Skare*



***Årets Mega:***
*Butikksjef Bjørn Vegard Pedersen*



***Årets Faghandel - Bakar Jon:***
*Butikksjef Hilde Fjellestad*



***Årets Prix:***
*Butikksjef Aslaug Huus*



***Årets Bygg:***
*Butikksjef Rune Øksenberg*



***Årets Extra:***
*Butikksjef Martin Hamre*



***Størst omsetningsvekst i % i 2016 Extra Kafe Volda***



***Årets komet Extra Naustdal***



***Lågast totalsvinn i % i 2016 – Coop Marked Sandsøy***



***Best på trygg mat i 2016 – Coop Marked Kvamsøy***



***Best i løpande kundemålingar i 2016 Coop Byggmix Åheim***



***Størst DB 4 etter kjøpeutbytte i % i 2016 Coop Marked Balestrand***



***Årets Kremmarskap 2016 Morten Myrland Extra Øvre Årdal***



Ørsta IL Fotball



Sogndal fotball

# Coop Vest SA som **samarbeidspartner**

***Hovudmålet med Coop Vest SA som samarbeidspartner er:***

- Å skape auka sal og inntening
- Å gje laget meir tilfredse kundar
- Merkevarebygging
- Å befeste markedsposisjon
- Skape «stoltheit» hjå eigne tilsette

Med Coop Vest SA som samarbeidspartner ønskjer laget å vere en aktiv samfunnsaktør i dei område vi har butikkar. Vi samarbeider innanfor idrett, kultur, miljøarbeid og andre samfunnsnyttige tiltak som mange i «våre» lokalsamfunn får gleda av.

***Coop Vest SA prioritetar følgjande område:***

- Helse og sunnheit
- Vinnarkultur
- Omtanke
- Kulturaktivitetar med regionalt omfang

Aktørar vi samarbeider med skal vere for større grupperingar. Det skal satsast på breidde framfor smale målgrupper. Barn og unge er ei viktig gruppe for vår sponsing. I tillegg følgjer Coop Vest SA opp dei sponsorat fellesorganisasjonen legg opp til, der dette er tenleg for laget. Døme på dette er draktkampanje, ski- og sykkelavtale og kreftsaken.




EM vektløfting




Malakoff




Skikrinsen




Førde IL Fotball



Gloppen Friidrettslag




Hareid IL Fotball

# Coop Vest har sitt «eige» Vestland

## Du finn oss på 65 stader i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre – og vi er i stadig vekst!




# Vi er Coop Vest SA

## EXTRA:

Eid, Florø, Fosnavåg, Førde, Hareid, Høyanger, Kaupanger,Naustdal,Sandane, Sogndal, Volda, Ørsta, Øvre Årdal

## EXTRA BYGG:

Førde, Ulsteinvik, Volda

## MEGA:

Førde, Ulsteinvik, Volda

## BYGGMIX:

Gaupne,Hermansverk,Åheim

## PRIX:

Byrkjelo, Gaupne, Hermansverk, Lærdal, Svelgen, Selje

## MARKED:

Askvoll, Balestrand, Barstadvik, Brekke, Dale, Fiskå, Florø, Folkestad, Fortun, Fresvik, Gjerdsvika, Hornindal, Kvamsøy, Larsnes, Lauvstad, Leikong, Moltu, Olden, Reed, Rovde, Sandsøy,Skjolden,Syvde,Tjørvåg,Vadheim,Vassenden,Åheim

## ANDRE:

Gullsmed: Førde. Kafear/Kiosk/Bakeri: Bakar Jon, Extra Førde, Extra Volda, Extra Sandane. Manufaktur: Førde, Høyanger, Freequent Sogndal, Freequent Øvre Årdal. Sport: Høyanger.

# Med Coop medlemsapp får du endå meir!

Last ned Coop medlemsappen til mobilen din, og du har alltid medlemskortet, fordelane og kupongane lett tilgjengeleg.

Med appen får du endå fleire kupongar oftare!



Med appen har du alltid medlemskortet med deg på mobilen. Alle i familien kan laste ned appen og nytte same medlemskort. Du finn også kupongane dine i appen. Aktiver kupongane og rabatten blir automatisk trekt frå i kassa når du skannar medlemskortet ditt.

Du aktiverer kupongane ved å trykke på «aktiver kupong» på dei du vil aktivere. Då er dei umiddelbart klare for bruk. Legg merke til at bakgrunnsfargen i toppen blinkar grønt i det du aktiverer kupongen og at kupongen får ei grøn ramme.




Hugs at vi må bli kjend med deg og handlevanane dine i Coop før vi kan gje deg kupongar som er relevante for deg. Berre dei med samtykke til kjøpsdata kan få relevante kupongar.

Gje ditt samtykke til kjøpsdata ved å sende sms <TILBUD> + ditt medlemsnummer til 2330.

I den nyaste versjonen av appen har du også tilgang til dine kundeaviser og informasjon om butikkar i nærleiken.

coop medlem

Available on the App Store

ANDROID APP ON Google Play

PS! HUGS AT DU OGSÅ FÅR 11% BONUS PÅ FRUKT OG GRØNT HOS EXTRA DERSOM DU BRUKAR APPEN!